



DET KONGELEGE  
SOSIAL- OG HELSEDEPARTEMENT

# Ot.prp. nr. 20

(1999-2000)

---

Om lov om endringer i lov 3. desember  
1948 nr. 7 om pensjonstrygd for  
sjømenn mv.

*Tilråding frå Sosial- og helsedepartementet av 17. desember  
1999, godkjend i statsråd same dagen.*

## 1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Sosial- og helsedepartementet legg med dette fram forslag til endringar i lov om pensjonstrygd for sjømenn.

Pensjonstrygda for sjømenn blei skipa ved lov 3. desember 1948 nr. 7. Lova er seinare endra fleire ganger på viktige punkt. Ordninga er no tilpassa folketrygda som ei førtidspensjonsordning frå 60 til 67 år.

Forslaga i denne proposisjonen bygger i hovudsak på NOU 1999:6 Sjømannspensjon og merknadene frå høyringa til denne utgreiinga.

Eit viktig spørsmål for utvalet var val av framtidig pensjonsmodell for sjømenn. Utvalet har greidd ut tre alternative former for førtidspensjon for sjømenn, ei offentleg pensjonsordning, ei privat tenestepensjonsordning og ei AFP-liknande ordning.

### *Framtidig pensjonsmodell*

Sjømannspensjonsutvalet sin konklusjon er at næringa på lengre sikt er best tent med ei forsikringsbasert tenestepensjonsordning, men at ein på kortare sikt fører vidare gjeldande ordning. Utvalet meiner at spørsmålet om ei omlegging først bør vurderast nærmare i om lag 2015.

I høyringsrunden kom det fram at arbeidsgivarane og arbeidstakarorganisasjonane innan offshore gjerne såg ei raskare omlegging. Dei tradisjonelle sjømannsorganisasjonane, Det norske maskinistforbund, Norsk Sjøoffisersforbund og Norsk Sjømannsforbund, går førebels inn for å vidareføre pensjonstrygda.

*Sjømannspensjonsutvalet* viser til at det blir store overgangsproblem ved å gå frå dagens finansiering av pensjonsutgiftene gjennom utlikning, til ei pensjonsordning der ein skal ha kapitaldekning. Det kan vere vanskeleg å få finansiert større innbetalingar til dekning av rettar som allereie er tente opp, parallelt med premiebetaling til ei fondsbygd ordning.

Utvalet reknar med at det er opptente rettar i ordninga på om lag 10 milliardar kroner. Dette må dekkjast inn ved ei eventuell omlegging til ei privat fondsbasert tenestepensjonsordning. Overslaget er usikkert mellom anna fordi pensjonstrygda ikkje har registrert fartstid før 1975. Av beløpet på 10 milliardar kroner, skal staten dekkje 1,3 milliardar kroner i lovbestemte statstilskott i tillegg til statsgarantien på om lag 3,6 milliardar kroner. Det blir såleis att vel 5 milliardar kroner som det ikkje er dekking for, rekna i nåverdi.

Det er fleire grunnar til at det er betre å vurdere saka på nytt rundt år 2015 enn i dag. Ein reknar med at pensjonstrygda i år 2015 vil ha ein betre balanse mellom utgifter og inntekter. Dei store etterkrigskulla sjømenn frå 1950- og 60-åra vil ha gått over på alderspensjon frå folketrygda. Pensjonstrygda vil dessutan ha registrert all fartstid for sine medlemmer, noko som i dag ikkje gjeld for fartstid før 1975. I år 2015 vil mange sjømannspensjonistar ha nesten fullt utbygde private tilleggsordningar som aukar det samla pensjonsnivået, og ein vil ha vunne erfaring med korleis tilleggsordningane fungerer.

*På kortare siktanbefaler utvalet at ein ser på korleis ein innanfor gjeldande pensjonsordning kan gjere ytingane betre for dei som held fram som sjømenn fram til pensjonsalderen i pensjonstrygda.*

Departementet følgjer opp fleirtalet i utvalet og høyringsinstansane sin konklusjon om at gjeldande ordning held fram i alle fall til rundt 2015. Da bør ein på ny ta stilling til val av pensjonsmodell. Det blir i mellomtida her lagt fram visse forslag til forenkling og forbetring.

Forslaga i denne proposisjonen går ut på:

#### *Auka pensjon gjennom eit tillegg til dei som er sjøfolk inntil pensjonsalderen i pensjonstrygda*

Tillegget blir etter forslaget gitt til dei som held fram i yrket til pensjonsalderen, og som ofte har lite utover pensjonen å leve av. Sjømenn som har ei arbeidsinntekt etter pensjonering på under to ganger grunnbeløpet i folketrygda, vil få tillegget. Dei som mottar pensjon når endringane trer i kraft, skal òg få tillegget (punkt 7).

#### *Yrkesgrupper innan offshore kan etter dispensasjon bli unntatt frå pensjonstrygda*

Pensjonstrygda for sjømenn kan høve dårleg for grupper i offshoreverksemda. Når det er semje mellom arbeidstakar- og arbeidsgivarorganisasjonane, blir det foreslått at departementet kan gi dispensasjon til at yrkesgrupper innan offshore blir unntatt frå ordninga. Arbeidstakarane må i tilfelle ha andre pensjonsordningar som departementet finn minst like gode (punkt 8).

#### *Finansiering av tillegget og kompensasjon for mindre inntekter som følgje av forslaget om at yrkesgrupper innan offshore kan bli unntatt frå pensjonstrygda*

Innføring av tillegget vil føre til høgare utgifter for pensjonstrygda. Dersom yrkesgrupper innan offshore etter dispensasjon frå departementet blir unntatt frå pensjonsordninga for sjømenn, vil det føre til mindre inntekter dei første åra. Det må likevel takast omsyn til mindre forpliktingar for pensjonstrygda i framtida.

Departementet har desse forslaga til tiltak til finansiering/kompensasjon:

- Oppheving av ordninga med å yte pensjon for tid det ikkje er betalt avgift for. Dette gjeld etter forslaget under avtening av verneplikt og for trygdpliktig fartstid mellom 1. juli 1949 og 1. juli 1993 (punkt 9.4.2).
- Avvikling av overgangsordninga med å yte låge pensjonar etter fastsatte satsar for fartstid før 1. januar 1967 til den som får pensjon mv. frå folketrygda (punkt 9.4.3).
- Avgrensing av høvet til å legge sammen fartstid med tenestetid i andre pensjonsordningar for å fylle minstekravet på 12<sup>1</sup>/<sub>2</sub> år for rett til sjømannspensjon, og oppheving av ordninga med å legge sammen fartstid med tenestetid på skip som ikkje gir pensjonsrett (punkt 9.4.4).

Forslaga til finansiering som er nemnde ovanfor, vil gjere pensjonsordninga for sjømenn enklare å administrere.

*Justering av reglane om tilbakekreving etter feilaktig utbetaling og reglane om plikten til å gi opplysningar*

Tilsvarande reglar om tilbakekreving og om opplysningsplikt som gjeld i folketrygda, blir foreslått (punkt 11).

*Lovtekniske forenklingar*

Det blir foreslått enkelte mindre lovtekniske justeringar (punkt 12).

## 2 Bakgrunn

Sjømannspensjonsutvalet blei sett ned av Sosial- og helsedepartementet den 11. juli 1997. Bakgrunnen var Stortinget si behandling av Ot.prp. nr. 59 (1995-96), der Sosial- og helsedepartementet la fram forslag til endringar i lov om pensjonstrygd for sjømenn. Forslaga var eit samla opplegg for å betre den vanskelege økonomien i pensjonstrygda gjennom visse innstrammings- og forenklingstiltak, kombinert med auka tilskott frå staten i nokre år framover. Dei enkelte forslaga i proposisjonen blei ikkje handsama, jf. Innst. O. nr. 5 (1996-97).

Stortinget gjorde i staden den 15. november 1996 desse to vedtaka:

1. «Stortinget ber Regjeringen nedsette et utvalg der ansattes organisasjoner og arbeidsgiverorganisasjoner er representert for å foreta en nærmere utredning og fornyet vurdering av sjømannspensjonene både når det gjelder fortsatt offentlig pensjonsordning, en eventuell privat tjenestepensjonsordning eller en eventuell AFP-lignende ordning. En overgang til forsikringsmessig beregning av pensjonen må også vurderes.»
2. «Stortinget ber Regjeringen fremme forslag til lovendring som sikrer en automatisk G-regulering av sjømannspensjonene slik at dette kan tre i kraft fra 1. mai 1997.»

Storingsvedtaket om G-regulering blei følgd opp i Ot.prp. nr. 31 (1996-97), der departementet foreslo å knytte dei ordinære sjømannspensjonane og krigsfartstillegget til grunnbeløpet i folketrygda. Lovendringa blei innført med verknad frå 1. mai 1997.

Pensjonstrygda for sjømenn blir i hovudsak finansiert etter eit utlikningsprinsipp. Det vil seie at inntektene i eit år skal dekke dei løpande utgiftene i samme år. Arbeidstakarane og reiarlaga betaler avgifter. Trygda får elles avkastning frå eit fast grunnfond på 186 mill. kroner, der kapitalen ikkje kan nyttast (frå Nortrashippoppgjeret etter den andre verdskrigen), og frå eit reguleringsfond. Staten gir tilskott som for det meste dekker særskilde krigsfartstillegg. Trygda er garantert av staten.

Ordninga har sidan 1994 gått med underskott. Den viktigaste årsaka til dette er at det er færre aktive sjøfolk no enn i store delar av etterkrigstida. Underskotta har blitt dekte av reguleringsfondet. Sjømannspensjonsutvalet har funne at pensjonstrygda med dagens regelverk vil gå med underskott fram til om lag 2015. Når reguleringsfondet er brukt opp om nokre få år, vil staten få store utgifter på grunn av statsgarantien. Under punkt 5 nedanfor blir det meir utfyllande gjort greie for økonomien til Pensjonstrygda for sjømenn.

### 3 Tidlegare lovendringar i pensjonstrygda for sjømenn

I dette punktet vil departementet orientere kort om tidlegare endringar i lov om pensjonstrygd for sjømenn.

Forarbeida til lov om pensjonstrygd for sjømenn er Ot.prp. nr. 13 (1948) og Innst. O. XVI (1948). Lova er endra ei rekkje ganger, sist ved lov 19. desember 1997 nr. 99.

Av vesentlege endringar blir nemnd:

- Ved lov 6. juli 1957 nr. 33 blei lova tilpassa generelle reglar om samordning og allmenn lov om alderstrygd.
- Ved lov 21. juni 1963 nr. 14 blei reglane om finansiering og statens ansvar endra (jf. Ot.prp. nr. 54 (1962-63) og utvalsutgreiing 23. juni 1962).
- Ved lov 16. desember 1966 nr. 10, lov 16. desember 1966 nr. 14 og lov 20. desember 1968 nr. 2 blei pensjonstrygda tilpassa folketrygda (jf. Ot.prp. nr. 50 (1967-68) og utvalsutgreiing 20. januar 1968).
- Ved lov 28. mai 1971 nr. 49 og lov 28. mai 1971 nr. 50 blei det fastsett gunstigare reglar for sjømenn med krigsfartstid (jf. Ot.prp. nr. 25 (1970-71) og Nortrashiputvalet si innstilling I 22. mai 1970).
- Ved lov 13. juni 1975 nr. 51 auka alderspensjonane med om lag 70 prosent. Samstundes blei det tatt inn ein regel om at spørsmålet om å auke dei ordinære pensjonssatsane og krigsfartstillegget skulle leggjast fram for Stortinget når grunnbeløpet i folketrygda blei auka. Før 1975 blei pensjonane berre regulerte gjennom lovendringar. Elles blei reglane om trygda sitt omfang, vilkår for pensjon, avgiftsfastsetting o.a. endra (jf. Ot.prp. nr. 50 (1974-75) og NOU 1974:48).
- Ved lov 12. juni 1987 nr. 48 om norsk internasjonalt skipsregister blei reglane om plikt til å svare reiaravgift for ikkje-trygdepliktige utlendingar oppheva. Dette blei kompensert ved høgare reiaravgift for trygdepliktige (jf. Ot.prp. nr. 45 (1986-87)).
- Ved lov 29. januar 1993 nr. 27 blei reglane om trygda sitt omfang, avgiftsbetaling, retten til ytingar, utrekning/samordning av pensjon og tilbakebetaling av pensjonsavgift endra (jf. Ot.prp. nr. 47 (1991-92) og NOU 1989:12).
- Ved lov 13. juni 1997 nr. 58 blei den ordinære sjømannspensjonen og krigsfartstillegget automatisk regulert i samsvar med auken i grunnbeløpet i folketrygda.

## 4 Oversikt over gjeldande ordning

### 4.1 Personkrins

---

Pensjonstrygda for sjømenn gjeld som hovudregel for norske statsborgarar og personar som er fast busette i Noreg, når dei er arbeidstakarar på skip og visse flyttbare innretningar i sjøen, som er innført i norsk skipsregister (NOR eller NIS) med minst 100 bruttotonn (lov 3. desember 1948 nr. 7 om pensjonstrygd for sjømenn § 1 nr. 1 og 2). På fiske- og fangstfartøy gjeld pensjonstrygda berre for arbeidstakarar tilsett i visse stillingar om bord, ikkje for fiskarar (§ 1 nr. 4 bokstav a). Høva for unntak frå pensjonsordninga er avgrensa (§ 2 nr. 2). Per 30. april 1998 omfatta pensjonsordninga om lag 26 000 yrkesaktive personar.

### 4.2 Opptening av alderspensjon

---

Pensjonstrygda for sjømenn er i dag tilpassa folketrygda som ei førtids alderspensjonsordning fram til 67 år. Da tek folketrygda over pensjonsansvaret.

Pensjonsalderen er som hovudregel 60 år. Han er mellom 60 og 65 år for arbeidstakarar som begynte i teneste etter 31. desember 1968, og som har tent opp mindre enn 120 farts måneder etter fylte 40 år. For desse personane blir pensjonsalderen sett opp med ein måned for kvar to månader som manglar på 120 farts måneder etter fylte 40 år (glidande pensjonsalder), sjå lov om pensjonstrygd for sjømenn § 4 nr. 2. Til dømes vil ein som sluttar til sjøs ved fylte 44 år, først kunne ta ut sjømannspensjon ved fylte 63 år.

Før sjømennene har fylt 62 år kan dei berre få alderspensjon dersom dei har slutta å tene opp pensjonsgjevande fartstid, og ikkje har tilsvarende teneste på utanlandsk skip (§ 4 nr. 4).

Redusert alderspensjon kan bli tatt ut frå fylte 55 år, dersom summen av fartstid og alder er 80 år eller meir (§ 4 nr. 3). Pensjonen blir da sett ned med 0,7 prosent for kvar måned som manglar til pensjonsalderen på det tidspunkt pensjonen først blir utbetalt (§ 5 nr. 4). Denne reduksjonen i alderspensjonen er varig.

Personar som har heil uførepensjon mv. frå folketrygda eller avtalefesta pensjon, har ikkje rett til alderspensjon frå pensjonstrygda for sjømenn.

Retten til ytingar og storleiken på ytingane er avhengig av den pensjonsgjevande fartstida som er tent opp. Det blir normalt kravd ei oppteningstid (pensjonsgjevande fartstid) på 150 månader (12,5 år) for å få alderspensjon (§ 4 nr. 1 første ledd). Full pensjon blir gitt etter 360 månader (30 år) med opptening (§ 5 nr. 1 andre ledd). Visse tidsrom som det ikkje er betalt pensjonsavgift for, blir rekna med i den pensjonsgjevande fartstida (§ 3 nr. 1).

Pensjonen blir gitt etter faste satsar for kvar farts måned tent opp av overordna eller underordna sjømenn (§ 5 nr. 1 bokstav a). Det vil seie at sjømannspensjonen er uavhengig av yrkesinntekta. Underordna tener opp pensjon for fartstid etter 30. april 1993 etter ein høgare sats enn for tidlegare fartstid. Satsane er knytt til grunnbeløpet i folketrygda. Frå 1. mai 1999 er full årspen-

sjon som overordna på 153 808 kroner. For underordna utgjer full pensjon mellom 109 863 kroner og 128 455 kroner (maksimal framtidig pensjon). Store inntektsskilnader blant sjømenn gjer at storleiken på pensjonane er varierende i høve til yrkesinntekta. Utvalet har rekna med at både overordna og underordna sjømenn med ei gjennomsnittleg lønn (høvesvis 340 000 og 255 000 kroner), i dag får ein pensjon på om lag 45 prosent av inntekta.

Det blir etter nærmare vilkår utbetalt eit enkeltbeløp (tilbakebetaling av pensjonsavgift) for fartstid frå 36-149 månader (§ 34 nr. 1).

### 4.3 Overgangsordning for pensjonar tent opp før 1967

---

Pensjonar som er tent opp før folketrygda blei innført 1. januar 1967, er under avvikling gjennom ei overgangsordning. Pensjonane etter denne ordninga blir gitt etter låge, fastlåste satsar. For alderspensjonar er satsane for årleg pensjon kr 29,00 for kvar fartsmånad som overordna, og kr 17,00 for kvar fartsmånad som underordna (§ 5 nr. 1 bokstav b).

Overgangsordninga omfattar først og fremst enkepensjonar og alderspensjonar til personar som er fylt 67 år, eller har uførepensjon mv.

Per 31. desember 1998 var det om lag 30 700 sjømannspensjonistar, men berre 4 900 av dei hadde ordinær alderspensjon før fylte 67 år. Dei andre hadde pensjon etter overgangsordninga. Årleg beløp i ordinær alderspensjon utgjorde om lag 466 mill. kroner, medan pensjonane etter overgangsordningane med fastlåste satsar utgjorde om lag 80 mill. kroner. I tillegg kjem krigsfartstillegget på om lag 180 mill. kroner.

### 4.4 Finansiering

---

Det er i hovudsak to måtar å finansiere pensjonsutgifter på:

- Utlikning av eit års utbetalingar av pensjon gjennom årlege avgifter eller tilskott, ofte kalla «pay as you go»
- Kapitaldekning av framtidige pensjonsforpliktingar gjennom fondsopp-samling

«Kapitaldekning» inneber at kvar generasjon sparer til sin eigen pensjonering ved at ein sett av midlar i fond. Yrkesaktive i framtida skal såleis ikkje finansiere dei løpande pensjonsutgiftene for tidlegare generasjonar. Dersom pensjonane skal ha eit avtalt nivå, må dei årlege avsetningane reknast ut frå forventningar om utviklinga i levealder, uførleik, pensjonsalder mv., og forventningar om den framtidige avkastninga av dei oppsparte midla.

Eit utlikningssystem inneber på si side prinsipielt at pensjonsutgiftene eit år blir dekt over rekneskapen for det samme året, ved at nødvendige innbetalningar blir utrekna ut frå forventa utbetalingar av pensjon. Dagens yrkesaktive betalar med andre ord for dei løpande pensjonane til førre generasjon, mens dei overlet til sine etterkommarar å dekke eigne pensjonar.

Pensjonstrygda for sjømenn bygger i hovudsak på eit utlikningssystem, og blir finansiert av avgifter frå arbeidstakarar og reiarlag, visse tilskott frå staten og avkastning av fond.

Pensjonsordninga er garantert av staten (lov om pensjonstrygd for sjømenn § 26).



Arbeidstakarane betalar fast månadsavgift knytt til grunnbeløpet i folkestrygda (§ 27 nr. 2). Frå 1. mai 1999 er månadsavgifta 549 kroner for teneste som overordna, og 427 kroner for teneste som underordna. Reiarlaga si avgift er normalt 3,3 prosent av sjømannen si bruttoinntekt om bord (§ 29). Samla betalar arbeidstakarar og reiarlag avgifter på om lag 5,2 prosent av inntekta. Ved teneste på fiske- og fangstfartøy betalar reiarlaget avgift med faste beløp, og avgiftene er her lågare enn elles. I 1998 utgjorde avgiftene frå arbeidstakarane og reiarlaga i alt om lag 446 mill. kroner.

Statens tilskott utgjorde i 1998 om lag 202 mill. kroner. Størsteparten av tilskottet (om lag 90 prosent) gjaldt utgifter til tillegg for fartstid under den andre verdskrigen. Elles utgjorde finansinntektene i 1998 om lag 53,3 mill. kroner.

Finansinntektene i pensjonstrygda skriv seg såleis frå avkastninga av trygda sine fond, som er grunnfondet og reguleringsfondet. Kapitalen i grunnfondet skriv seg frå Nortrashippoppgjæret etter den andre verdskrigen, og utgjer fast 186 mill. kroner (§ 32 nr. 1). Avkastninga kan nyttast til å dekkje utgiftene til trygda, men kapitalen kan ikkje rørast.

Reguleringsfondet er eit bufferfond der overskott i rekneskapsåret skal leggjast til, og det skal elles dekkje underskott i rekneskapsåret (§ 32 nr. 2).

#### **4.5 Private tilleggsordningar oppretta ved tariffavtalar**

---

I dei seinare åra er det inngått forskjellige tariffavtalar om private tilleggsordningar for eit fleirtal av arbeidstakarane som er omfatta av pensjonstrygda for sjømenn. Tariffavtalane omfattar om lag 20 000 arbeidstakarar.

Tariffavtalane tar sikte på at det skal bli gitt alderspensjon frå 60 til 67 år, og at den private pensjonen sammen med den lovfesta sjømannspensjonen skal utgjere 60 prosent av pensjonsgrunnlaget. Full pensjon kan gis etter 30 år, og det er særleg dagens yngre arbeidstakarar som vil få fullt utbytte av tilleggsordningane.

Pensjonsgrunnlaget er fast årleg lønn, og kan etter reglane om private tenestepensjonsordningar ikkje overstige 12 ganger grunnbeløpet i folkestrygda. Dersom arbeidstilhøvet tek slutt, har arbeidstakaren krav på rettane som er tent opp i form av ei fripolise.

Premie til tilleggsordningane blir betalt av arbeidsgivarane. I 1998 er premien på om lag 2,7 prosent av lønna i gjennomsnitt for dei ordningane som er oppretta.

#### **4.6 Organisering og administrasjon**

---

Pensjonsordninga for sjømenn blir administrert av ein eigen institusjon, Pensjonstrygda for sjømenn. Institusjonen blir leia av eit styre som Sosial- og helsedepartementet sett ned. Styret har mellom anna medlemmer som er foreslått av arbeidsgivarar og arbeidstakarar (§ 35 nr. 1).

Utbetalingane av pensjon blir gjort gjennom trygdekontora.

Pensjonsordninga har eit komplisert regelverk. Dette fører til at saksbehandlinga i samband med krav om pensjon er arbeidskrevjande. Det gjeld ei rekkje overgangsreglar som fører til omfattande manuelt arbeid.

Å krevje inn pensjonsavgiftene i ei lovfesta, obligatorisk pensjonsordning som pensjonstrygda for sjømenn, er òg ressurskrevjande. Alle skip mv. som kjem inn under ordninga, må registrerast og følgjast opp. Pensjonsavgifter som ikkje blir betalt ved forfall, må ein purre på, og om nødvendig drive inn ved tvangsmiddel.

Ved utgangen av 1998 hadde Pensjonstrygda for sjømenn 47 fast tilsette i arbeid. Dei samla administrasjonsutgiftene samme året var 22,6 mill. kroner, dvs. om lag 2,9 prosent av pensjonsutgiftene.

## 5 Den finansielle stoda i pensjonstrygda og utviklinga framover

Pensjonstrygda for sjømenn har som nemnd eit grunnfond på 186 mill. kroner, og eit reguleringsfond. I 1998 hadde trygda eit underskott i rekneskapen på 106,8 mill. kroner som blei belasta reguleringsfondet. Reguleringsfondet er bygd opp gjennom overskott tidlegare år, men blir no svekt på grunn av at pensjonsordninga går med underskott. Per 31. desember 1998 utgjorde reguleringsfondet 635 mill. kroner. I utgreiinga til sjømannspensjonsutvalet er det gjort overslag over den økonomiske utviklinga framover under varierende føresetnader.

Vesentlege faktorar for korleis økonomien i pensjonstrygda for sjømenn vil utvikle seg, er kva for rettar som vil bli tent opp framover, og kva for inntekter pensjonstrygda vil få, med andre ord talet på medlemmer. Også rentenivået og utviklinga av grunnbeløpet i folketrygda vil vere viktig. Både pensjonsatsane og arbeidstakarane sine avgifter er knytt til grunnbeløpet.

Sjømannspensjonsutvalet uttaler at det er vanskeleg å spå om kor mange personar som vil vere omfatta av Pensjonstrygda for sjømenn i framtida. Omfanget av rettar som allereie er tent opp, og dermed kor mange som vil få ytingar framover, kan heller ikkje sikkert bli slått fast. Pensjonstrygda tok over innkrevjinga av pensjonsavgiftene frå 1. januar 1989, og det er oppretta eit edb-basert medlemsregister på grunnlag av reiarlaga sine oppgåver i samband med avgiftsbetalinga. Ein har utvikla metodar for å sjå om lag kva for rettar som er tent opp tidlegare, men utvalet understrekar at overslaga er usikre.

Utvalet har fått gjort utrekningar over framtidige årsrekneskap for pensjonstrygda med uendra regelverk. Utrekningane er gjort for åra 2000-2017. Ein legg da til grunn at talet på nye pensjonistar i åra 2000-2008 vil ligge på gjennomsnittleg om lag 1700 personar. Seinare er talet lågare, noko som både kjem av at det er færre sjømenn og, ikkje minst, at regelen om høgare (glidande) pensjonsalder slår inn. I åra 2013-2017 er det lagt til grunn at talet på nye pensjonistar kvart år blir gjennomsnittleg 700 personar. Elles er utrekningane gjort under varierende føresetnader.

Det er lagt til grunn at kapitalen av grunnfondet (186 mill. kroner) ikkje skal rørast eller bli nytta til å dekkje underskott, medan reguleringsfondet går til å dekkje dei årlege underskotta til dette fondet er brukt opp. Deretter er det lagt til grunn at underskotta blir dekte år for år av staten etter garantiansvaret.

I utrekningane er det lagt til grunn at det er 27 000 betalande medlemmer framover, at den årlege auken i grunnbeløpet er tre prosent, og at realrenta (renta på fondsutbytte minus auken av pensjonane) er tre prosent.

Etter desse utrekningane vil reguleringsfondet vere brukt opp i år 2000, og det vil vere underskott som må bli dekt ved at staten tilfører midlar til og med år 2015, sjå rad 1 i tabell 5.1 nedanfor. Kontantverdien (nåverdien) per 1. januar 2000 av statens samla garantiansvar for denne perioden, er rekna til om lag 3,6 milliardar kroner, og av statens tilskott til krigsfartstillegg mv., om lag 1,3 milliardar kroner.

Utvalet har også gjort overslag over framtidige årsrekneskap under føresetnad av at talet på betalende medlemmer aukar eller minkar med 5000 personar årleg. Rad 2 og 3 i tabell 5.1 syner kva for beløp utvalet reknar med vil vere udekt etter at reguleringsfondet er brukt opp og fram til år 2017. Det er også her nytta føresetnader om tre prosent årleg auke i grunnbeløpet og tre prosent realrente. Kontantverdien av dei akkumulerte underskotta i rad 3 utgjer om lag 2,7 milliardar kroner og i rad 2 om lag 4,6 milliardar kroner.

Tabell 5.1: Utvalets anslag over staten sitt garantiansvar 2000-2017 i mill. kroner

År	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
1 27 000 medlemmer	21	32 0	36 1	38 8	43 4	47 6	50 2	51 3	51 7	49 0	44 4	37 4	29 0	20 1	11 4	36	0	0
2 22 000 medlemmer	98	39 9	44 3	47 3	52 0	56 5	59 4	60 8	61 5	59 1	54 7	48 1	40 0	31 5	23 1	15 6	96	47
3 32 000 medlemmer	0	18 1	27 9	30 4	34 7	38 6	41 0	41 8	41 9	39 0	34 0	26 7	18 0	88	0	0	0	0

Kilde: Kjelde: Pensjonstrygda for sjømenn/NOU 1999:6

Det er elles gjort utrekningar med varierende føresetnader for ein auke av grunnbeløpet (2, 3 og 4 prosent) og realrenta (0, 2, 3 og 4 prosent). I tillegg er det gjort utrekningar som legg til grunn at tilgangen på nye alderspensjonistar blir redusert eller aukar med 10 prosent.

Alle utrekningane som utvalet har fått gjort, viser at reguleringsfondet vil vere brukt opp innan få år, og at pensjonsordninga vil gå med stort underskott i ei årrekkje. Kontantverdiane av dei akkumulerte underskotta, som er rekna til mellom om lag 2,6 og 5,5 mrd. kroner, varierer alt etter føresetnadene som er nytta.

Pensjonstrygda for sjømenn har opplyst at nye utrekningar kan tyde på at reguleringsfondet først vil vere brukt opp i 2004/2005 dersom regelverket er uendra. Grunnen er mellom anna at talet på medlemmer har auka dei siste åra.

Det er såleis usikkert kor store underskotta blir i framtida dersom dagens regelverk skal halde fram. Det er derimot sikkert at trygda uansett vil trenge store beløp for å dekkje sine forpliktingar i om lag dei nærmaste 20 åra.

## 6 Val av framtidig pensjonsmodell

### 6.1 Innstillinga frå Sjømannspensjonsutvalet (NOU 1999:6)

---

Sjømannspensjonsutvalet blei som nemnd sett ned av Sosial- og helsedepartementet den 11. juli 1997, og det hadde representantar frå mellom anna sjømenene og reiarlaga sine organisasjonar. Aktuar Sverre Bjørnstad var leiar av utvalet.

Utvalet fekk dette mandatet:

- «Utvalget skal foreta en nærmere utredning og vurdering av sjømannspensjonen både når det gjelder
- fortsatt offentlig pensjonsordning,
  - en eventuell privat tjenstepensjonsordning eller
  - en eventuell AFP-lignende ordning.

En overgang til forsikringsmessig beregning av pensjonen må også vurderes.

De enkelte alternativene må være i samsvar med de forpliktelser som følger av internasjonale avtaler, spesielt ILO konvensjon nr 71 for 1946, som tilsier at det skal være en lovbestemt plikt for partene å ha en pensjonsordning som gir sjøfolk over 60 år adgang til en førtidspensjon. For øvrig kan det vurderes om utenlandske sjøfolk bør sikres særskilt.

Statens garanti for allerede opptjente rettigheter etter sjømannspensjonstrygdloven skal ivaretas innen rammen av dagens regelverk og samordningsbestemmelser. For øvrig skal det legges til grunn at videre opptjening framover skal være selvfinansierende og ikke gi fordel utover hva som gis i AFP-ordninger med statstilskott. Statens garantiansvar skal ikke utvides.

Utvalget skal vurdere om framtidig finansiering bør legges om til helt eller delvis fondsbasing. Dette er bare aktuelt dersom ordningen ikke videreføres som en offentlig ordning.

De økonomiske og administrative konsekvenser av de enkelte alternativene utredes i samsvar med utredningsinstruksen.

Sosial- og helsedepartementet kan gjøre utdypninger og tillegg i mandat.

Utvalget skal legge fram sin utredning innen 1. oktober 1998.»

Sosial- og helsedepartementet forlenga seinare fristen for å legge fram innstillinga til 15. januar 1999.

I brev av 30. mars 1998 til sosialministeren tok representantane for sjømannsorganisasjonane i utvalet opp spørsmålet om å få endra mandatet. Etter sjømannsorganisasjonane sitt syn stemte ikkje mandatet med Stortingets vedtak av 15. november 1996, der Regjeringa blei bedt om å sette ned eit utval. Sjømannsorganisasjonane ønskte å få fjerna tredje ledd i mandatet (som handlar om statens garanti mv.), og andre setning i fjerde ledd (om at det ikkje skal vere fondsbasing dersom den offentlege ordninga skal halde fram).

Sosial- og helsedepartementet kom ikkje representantane i møte med å fjerne tredje ledd i mandatet om statens garanti. Når det gjaldt spørsmålet om

å kunne halde fram med å fondsbasere ei offentlig ordning, kunne departementet gå med på å stryke siste setning i fjerde ledd i mandatet.

Utvalet har som mandatet seier, greidd ut tre former for førtidspensjon for sjømenn. Når det gjeld alternativet om *ei offentlig pensjonsordning for sjømenn*, har utvalet greidd ut høva for å frigjere midlar ved omfordeling. Dei som er sjøfolk fram til pensjonering, kan etter denne modellen i ein periode framover oppnå ein pensjon på 60 prosent av inntekta som sjømann opp til eit visst inntektsnivå (punkt 6.1.3).

Utvalet har i det andre alternativet om *ei privat tenestepensjonsordning for sjømenn* greidd ut både ei «innskottsbasert» og ei «ytingsbasert» pensjonsordning (punkt 6.1.2).

I alternativet *ei AFP-liknande pensjonsordning for sjømenn* har utvalet, med enkelte justeringar, bygd på dei eksisterande ordningane med avtalefesta pensjon (punkt 6.1.1).

### 6.1.1 Utvalet si utgreiing av ei AFP-liknande pensjonsordning for sjømenn

Med «AFP-liknande» har utvalet forstått «at man skal bygge på de grunnleggende prinsippene ved de eksisterende AFP-ordningene, men at det er muligheter for å gjøre enkelte tilpasninger.»

Utvalet la til grunn rammevilkåra for at pensjonsordninga skal få statstilskott og for at den enkelte pensjonist skal få godskrive pensjonspoeng i folketrygda med visse unntak. Det er til dømes sentralt at det framleis er ein pensjonsalder på 60 år i ei AFP-liknande ordning for sjømenn.

Retten til pensjon må etter utvalet si meining vere avhengig av at ein er omfatta av ordninga på tidspunktet for pensjonering, det vil seie at ein må fortsette i sjømannsyrket fram til pensjonsalderen for å få pensjon. Utvalet skriv:

«Omtrent en tredel av dem som mottar alderspensjon fra dagens pensjonsordning, fortsatte i sjømannsyrket fram til fylte 60 år. De to tredelene som sluttet før fylte 60 år mottar en oppsatt pensjon fra dagens pensjonsordning, mens de i en AFP-lignende ordning ikke ville hatt rett til noen pensjon.»

I skissa til utvalet blir den AFP-liknande pensjonen utrekna etter folketrygda sine reglar, og vil i dei fleste tilfella vere på mellom 40 og 60 prosent av den tidlegare inntekta. Ordninga har ein ganske stor fordelingsverknad. Dersom partane etablerer eit AFP-tillegg, blir kompensasjonsnivået ein god del høgare. Pensjonen blir avkorta dersom pensjonisten har ei inntekt som overstig folketrygda sitt grunnbeløp ved sidan av pensjonen. Utvalet legg til grunn at pensjonistane i ei slik AFP-ordning får godskrive pensjonspoeng i folketrygda, noko som gir ein høgare alderspensjon frå folketrygda etter fylte 67 år.

Ordninga blir etter skissa til utvalet finansiert dels av staten gjennom eit statstilskott til pensjonsutgiftene for personar mellom 64 og 67 år, og dels ved ein premie som blir betalt av arbeidsgivarane.

Utvalet gir uttrykk for at ein bør velje eit premiesystem som er tilnærma likt dei gjeldande AFP-ordningane, og det heiter i NOU 1999: 6 side 15:

«Premien skal da fullfinansiere pensjonen når den tas ut, det vil si at den skal dekke den årgangens totale pensjonsutgifter. Det vil da være tilstrekkelige midler i fondet til å dekke allerede løpende pensjoner.»

Nødvendig premie kan med en realrente på 3 prosent anslås å utgjøre 2,9 prosent av inntekten, dersom man legger til grunn at en tredel av dagens medlemsmasse fortsetter i sjømannsyirket fram til pensjonalderen. Forutsatt at halvparten av dagens medlemmer står i sjømannsyirket fram til pensjonsalderen, kan nødvendig premie anslås til 3,9 prosent. I AFP-ordningen vil det være nødvendig å inntektsprøve pensjonen, noe som vil redusere premienivået med ca 20 prosent.»

Ved overgang til ei AFP-liknande pensjonsordning, må ein dekkje dei løpande forpliktingane etter dagens ordning, samtidig som ein sett av pengar for å dekkje pådratte pensjonsutgifter i AFP-ordninga. *Utvalet* legg til grunn at kontantverdien av dei framtidige forpliktingane som må dekkjast av dagens pensjonstrygd, er om lag 7,6 milliardar kroner per 1. januar 2000. Av dette blir om lag 4,9 milliardar kroner dekt av statstilskottet til krigsfartstillegg mv. (om lag 1,3 milliardar kroner) og statsgarantien i gjeldande ordning (om lag 3,6 milliardar kroner). Dette er utgifter som staten vil ha ved å fortsette den gjeldande ordninga, og som *utvalet* legg til grunn at staten bidreg med også ved overgang til ei AFP-ordning.

Det beløp som det må finnast dekning for ved overgang til ei AFP-ordning, blir da om lag 2,7 milliardar kroner i kontantverdi. *Utvalet* peiker på enkelte moment det da kan vere naturleg å sjå nærmare på. Mellom anna er det nødvendig å inntektsprøve ytinga, noko som kan redusere premienivået med om lag 20 prosent. Eventuelt kan desse midla nyttast til å finansiere ein del av overgangskostnadene. Det kan også vere mogleg å nytte nokre av dei omfordelingsforslaga *utvalet* tek opp. Dessutan kan eventuelt staten bidra med noko.

*Utvalet* peiker på at det mest naturlege vil vere at partane etablerer eit organ med eit eige styre til å administrere ei AFP-ordning, men at Rikstrygdeverket/trygdeetaten reknar ut og betalar ut pensjonane. *Utvalet* reknar med at pensjonstrygda for sjømenn vil vere ei avviklingsordning for rettar som er tent opp i dagens pensjonsordning. Kostnadene til dette kjem i tillegg til administreringa av AFP-ordninga, men kostnadene blir her mindre etter kvart.

### **6.1.2 Utvalet si utgreiing av ei privat tenestepensjonsordning for sjømenn**

*Utvalet* la i utgreiinga fram ei skisse til korleis ei privat tenestepensjonsordning for sjømenn kan utformast. Skissa bygger i stor grad på ein rapport som Storebrand Livsforsikring AS utarbeidde for *utvalet*.

Det er greidd ut ei privat tenestepensjonsordning for sjømenn både som ei innskottsordning og som ei ytingsordning. I ei ytingsordning pliktar bedrifta å yte ein nærmare definert pensjon, mens ho i ei innskottsordning pliktar å yte eit nærmare definert innskott til den enkelte si pensjonssparing. *Utvalet* har lagt til grunn at det vil bli gitt inntektsfrådrag for innbetalt premie i begge alternativa.

Ei privat ordning vil gi pensjon til personar mellom 60 og 67 år. Dei som sluttar som sjømenn før pensjonsalderen, vil ha høve til å få pensjonsrettar som dei tidlegare har tent opp utbetalt frå pensjonsalderen (oppsett pensjon). Sluttar ein før pensjonsalderen i ei ytingsordning, blir det etter skissa etablert ei individuell fripolise. I ei innskottsordning vil medlemen framleis ha rett til

midlane på sin pensjonskonto når han sluttar, og midlane vil bli utbetalt frå tidspunktet vedkomande når pensjonsalderen.

Arbeidstakaren si inntekt og tenestetid er avgjerande for korleis pensjonen blir. Utvalet legg i innstillinga til grunn at 30 års fartstid bør gi ei pensjonsytning på om lag 60 prosent av sluttløna. Den nærmare utrekninga av pensjonen skjer i følge utvalet slik (NOU 1999: 6 side 12):

«- I en ytelsesbasert ordning er arbeidstakere som har tjent opp fulle pensjonsrettigheter sikret en pensjon på 60 prosent av sluttlønnen. Det forutsettes en lineær opptjening av pensjon. Det vil si at pensjonen opptjenes forholdsmessig etter antatt tenestetid fram til pensjonsalderen, likevel minst 30 år. Hvis man f. eks. meldes inn i ordningen som 20-åring, og pensjonsalderen er 60 år, vil man etter 10 års tenestetid ha opptjent en pensjonsrettighet på 10/40 av antatt full pensjon. Hvis man meldes inn ved fylte 40 år, vil 10 års tenestetid gi 10/30 av full pensjon. Opptjeningen skjer ut fra den lønnen som er pensjongivende til enhver tid.

- I en innskuddsbasert ordning er pensjonens størrelse avhengig av innskuddenes størrelse og avkastningen av disse. Arbeidstakeren er altså ikke garantert en på forhånd definert ytelse. Utvalget har lagt til grunn for utredningen at innskuddene fastsettes slik at utbetalingene antas å bli 60 prosent av lønnen etter 30 års fartstid. Det kan også etableres en innskuddsordning hvor arbeidstakeren garanteres en viss avkastning på pensjonsmidlene, men dette fører til høyere kostnader enn i en vanlig innskuddsordning.»

Utvalet legg som nemnd til grunn, at ein bør nå ein pensjon på 60 prosent av løna etter 30 års fartstid. Det vil såleis ta 30 år før nokon når dette nivået ved overgang til ei privat ordning. I overgangstida vil ein få ein kombinasjon av pensjon som er tent opp i dagens pensjonsordning og i den nye ordninga. Storleiken på pensjonane i høve til tidlegare inntekt vil derfor gradvis stige frå dagens gjennomsnittlege nivå på om lag 45 prosent, til 60 prosent når ei privat tenestepensjonsordning er fullt utbygd.

Utvalet legg til grunn at

«..det - på samme måte som i dagens pensjonsordning - ikke skal gis noen ytelser til etterlatte, og at pensjonen vil bli samordnet med en eventuell uførepensjon fra folketrygden eller en avtalefestet pensjon. Ellers vil man kunne oppnå pensjonsytelser som overstiger lønnen. Pensjonen vil ikke bli avkortet som følge av arbeidsinntekt i et annet yrke. Det kreves imidlertid at vedkommende slutter i den pensjongivende stillingen for å få utbetalt pensjon.

Pensjonene finansieres ved premier som går til å bygge opp fond. Fondene gir en kapitaldekning for de pensjonsforpliktelsene som ordningen har til enhver tid. Sikkerheten for pensjonsutbetalingene ligger dermed i at det er bygget opp tilstrekkelige fondsmidler til å dekke dem.»

Etter dei føresetnadene utvalet legg til grunn blir premienivået om lag 5,0-5,1 prosent i ytingsordninga, og om lag 4,5 prosent i innskottsordninga. Premien kan eventuelt fordelast mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar slik systemet er i dagens ordning.

Ved ein eventuell overgang til ei privat tenestepensjonsordning, vil ei rekkje personar ha tent opp rettar i dagens pensjonstrygd for sjømenn. Nokre vil ha slutta i pensjongjevande teneste før overgangen, medan andre vil tene



opp tenestetid også i den private ordninga. Det er etter utvalet si meining behov for ei regulering av desse overgangssituasjonane.

Utvalet har skissert korleis ansvaret for pensjonsforpliktingane kan «delast» på høvesvis den nye og den gamle ordninga.

Ein eventuell overgang til ei privat tenestepensjonsordning inneber eit skifte av finansieringssystem, ved at ein går over frå eit utlikningssystem til eit kapitaldekningsystem. I staden for å dekkje gjeldande forpliktingar gjennom løpande inntekter, skal ein sette av pengar til å dekkje framtidige forpliktingar. Dette inneber at kostnadene ved å avvikle dei rettane som er samla opp i dagens pensjonsordning, må dekkjast inn samstundes som det i den private ordninga må byggjast opp fond til å dekkje pensjonar for dagens yrkesaktive.

Ei ny privat tenestepensjonsordning får i hovudsak pensjonsansvaret for alle rettar som er tent opp etter overgangstidspunktet. Derfor vil dagens pensjonstrygd for sjømenn i mange år fungere som ei overgangsordning for rettar som allereie er tent opp. Kontantverdien av dei totale framtidige forpliktingane som må dekkjast av dagens pensjonstrygd, har utvalet rekna til om lag *10,1 milliardar kroner* per 1. januar 2000.

Utvalet har gått ut frå at staten i overgangsperioden dekkjer utgiftene til statstilskottet til krigsfartstillegget mv. (om lag 1,3 milliardar kroner) og dei årlege forpliktingane som følgjer av statsgarantien for den gjeldande pensjonsordninga (om lag 3,6 milliardar kroner), til saman 4,9 milliardar kroner i samla kontantverdi.

Kontantverdien av dei framtidige forpliktingane i dagens ordning som må dekkjast inn ved overgang til ei privat tenestepensjonsordning, blir derfor om lag *5,2 milliardar kroner*. Dei årlege forpliktingane i f. eks. åra 2000 - 2015 vil variere mellom om lag 315 og 435 mill. kroner i året.

Ved ein eventuell overgang til ei privat tenestepensjonsordning for sjømenn, må det finnast ei dekning for desse kostnadene. Utvalet peiker på enkelte moment det i så fall kan være naturleg å sjå nærmare på, og det heiter på side 13:

«Bl a betales det i deler av næringen inn premie både til dagens ordning og til en tariffbasert tilleggsordning. Dette kan gi et «premieoverskudd» i forhold til premien i en innskuddsbasert ordning på ca. 3,3 prosentenheter. Noe forsiktig kan kontantverdien av dette «premieoverskuddet» over 20 år anslås til å utgjøre 4,2 mrd. kroner. Andre måter å finansiere avviklingskostnadene på kan være å vurdere noen av de omfordelingsforslagene som det er pekt på ved dagens ordning, se nærmere i punkt 8.3.3, eventuelt at staten bidrar med noe.

Utvalget har også kort pekt på muligheten for å få en mer gradvis overgang til en privat tjenestepensjonsordning. Dette kan gjøres ved å «lukke» den eksisterende pensjonsordningen for nye medlemmer. Det vil si at pensjonstrygden for sjømenn bare vil løpe videre for dem som allerede har tjent opp rettigheter der. Ordningen vil dermed blir avviklet gradvis over lang tid (ca 40 år). Kostnadene ved en slik overgangsløsning vil bli omtrent det samme som ved den overgangsløsningen som er beskrevet ovenfor. Utvalget har ikke utredet en slik alternativ overgangsløsning nærmere.»

Når det gjeld den rettslege reguleringa av ei privat ordning i høve til internasjonale forpliktingar, kan det etter utvalet si vurdering synest som om ein står relativt fritt med omsyn til korleis ein vil etablere ho. Ein må likevel syte for at

ordninga blir gitt verknad for alle sjømenn som blir omfatta av ILO-konvensjon nr. 71 om pensjoner til sjømenn.

Administrasjonen bør etter utvalet si oppfatning skje gjennom ei felles pensjonskasse, der valet av nærmare løysing i stor grad bør vere avhengig av kostnadsspørsmål.

### 6.1.3 Utvalet si utgreiing av ei offentleg pensjonsordning for sjømenn

Utvalet har òg greidd ut ei vidareføring av dagens pensjonstrygd for sjømenn, der pensjonsutgiftene framleis blir finansiert etter utlikningssystemet, og staten garanterer for utbetalingane av pensjon.

Utvalet seier på side 11:

«Dersom man fortsetter dagens ordning uten endringer i ytelsene, ser utvalget ikke behov for endringer i de gjeldende bestemmelsene om grunnfond, reguleringsfond og statsgaranti. Utvalget forutsetter at det er lagt opp til ordninger som sikrer den løpende likviditeten i pensjonstrygden når reguleringsfondet er brukt opp.

Ordningen med faste pensjonssatser gjør at kompensasjonsnivået for sjømannspensjonene varierer med inntekten i yrket. Det er misnøye med kompensasjonsnivået for de som kommer dårlig ut i forhold til inntekten. Utvalget har derfor vurdert muligheten for en viss forbedring av ytelsene innenfor dagens utgiftsramme. Dette kan skje som en midlertidig ordning, samtidig som det bygges opp tariffestede tilleggs pensjonsordninger.»

Det er etter utvalet si vurdering mogleg å frigjere midlar ved omfordeling som kan bli nytta til å gi eit inntektsprøva tillegg til pensjonane til personar som er i yrket fram til pensjonering.

Utvalet har fått gjort utrekningar av tillegg etter to modellar, ein som blir kalla «folketrygdmodellen» og ein som blir kalla «60 prosent-modellen». Den siste er best eigna etter utvalet si meining, som foreslår at det blir gitt tillegg etter denne modellen for fartstid tent opp før 1. januar 2000. Det vil seie at tillegget blir redusert gradvis for nye pensjonistar etter kvart som det blir tent opp meir fartstid. Samstundes blir det for fleirtalet av pensjonistane bygd opp rettar i tilleggs pensjonsordningar som er regulerte i tariffavtalar.

Utvalet reknar med at tillegget bør gis for nye tilfelle i ein 20-årsperiode rekna frå 1. januar 2000, samstundes som rettar i dei tariffesta tilleggs pensjonsordningane bygger seg opp. Det vil seie at det siste året det blir gitt nye tillegg til pensjonen frå pensjonstrygda for sjømenn, blir i 2019. Ein mottar tillegget så lenge ein mottar den ordinære sjømannspensjonen, og tillegga blir G-regulerte sammen med sjømannspensjonen. Siste utbetaling blir da i desember 2026.

Alle pensjonistar som seglar fram til pensjonsalderen (dvs. om lag 1/3 av dei som i dag får sjømannspensjon), kan etter det utvalet reknar med, dra nytte av eit slikt tillegg. Før inntektsprøving vil tillegget gjennomsnittleg utgjere om lag 1 800 kroner per måned. Utvalet legg til grunn at inntektsprøving etter samme reglar som for AFP-pensjonane, vil føre til at tillegget fell bort for om lag 45 prosent av dei som seglar til dei tar ut pensjonen.

Utvalet har fått rekna ut at kontantverdien per 1. januar 2000 for tillegg til sjømannspensjonen etter eit slikt opplegg før/etter inntektsprøving, vil utgjere 370/210 mill. kroner. Utvalet listar opp ei rekkje tiltak som kan nyttast

til omfordeling. Summen av tiltaka utgjør om lag 1,7 milliarder kroner i kontantverdi per 1. januar 2000. Elles nemner utvalet at trygda sitt grunnfond på 186 mill. kroner bør kunne nyttast i finansieringa av eit mellombels tillegg til pensjonane. Dette vil likevel redusere finansinntektene (avkastinga) framover.

Det er etter utvalet si vurdering mogleg å nytte midlar som blir frigjort ved omfordeling og på annan måte, f. eks. til å auke pensjonssatsane for alle, eller å yte pensjon for fleire enn 360 månader. Endeleg drøftar utvalet høvet for å godskrive pensjonspoeng i folketrygda for sjømannspensjonistar.

#### 6.1.4 Utvalet si oppsummering og vurdering

Ein overgang til ei *AFP-ordning* vil etter utvalet si meining gi ein umiddelbar auke i pensjonane for dei som held fram som sjømenn til pensjonsalderen. Om lag to tredelar sluttar i dag i sjømannsyrket før pensjonsalderen, og vil derfor ikkje få pensjon frå AFP-ordninga. Sjølv om denne verknaden på mange måtar kan bli bøtt på, er det etter utvalet si oppfatning uheldig at så store grupper av sjømenn vil falle utanfor ordninga. I tillegg vil ein måtte finansiere kostnadene ved å utfase den gjeldande ordninga. Ei AFP-løysing kan også virke for lite robust for endringer i strukturen i sjøfartsnæringa. Utvalet ser det på denne bakgrunn som mindre aktuelt å gå over til ei slik ordning.

Når det gjeld alternativet *ei privat tenestepensjonsordning for sjømenn*, viser utvalet til

«... at dette er en ordning som kan passe godt til forholdene i sjøfartsnæringen. Når en slik ordning er etablert med nødvendige fond som sikrer pensjonsytelsene, vil den gi en stabilitet under konjunktursvingninger og ved endringer av antall sjøfolk. I tillegg vil en slik ordning være velegnet til å sikre unge arbeidstakere. Den kan også lett påbygges dersom partene i næringen forhandler seg fram til andre pensjonsavtaler. Pensjonsnivået vil over en lengre periode gradvis øke fra dagens gjennomsnittlige nivå på ca 45 prosent til 60 prosent ved full opptjening av pensjon, slik at man etter ca 30 år - når ordningen er fullt utbygd - vil få pensjoner på det angitte nivået. Ordningen innebærer også større samsvar mellom innbetaling og utbetaling for den enkelte sjømann enn ved dagens pensjonstrygd. Samtidig reduseres graden av omfordeling.»

I ei privat ytingsordning kan det nødvendige premienivået etter utvalet si vurdering reknast til om lag fem prosent av lønnsmassen. I ei slik ordning blir premien utrekna til det beløpet som er nødvendig for å sikre den ytinga som er definert på førehand. Dette inneber at kostnadene kan vere vanskelege å føreseie. I ei innskottsordning vil dette vere lettare, fordi arbeidsgivaren si forplikting vil vere å betale eit nærmare definert innskott per arbeidstakar. Nødvendig innskott i ei slik ordning kan setjast til om lag 4,5 prosent av lønnsmassen. Det usikre blir da kor stor pensjonen vil bli. Det avheng av innskotta og avkastinga på dei.

*På lengre sikt* ser medlemene i utvalet at næringa i utgangspunktet kunne vere best tent med ei privat tenestepensjonsordning. Det oppstår likevel store overgangsproblem ved å gå frå dagens finansiering av pensjonsutgiftene gjennom utlikning, til ei pensjonsordning der ein skal ha kapitaldekning for pensjonsforpliktingane. Utgreiinga viser etter utvalet si oppfatning at det kan vere

vanskeleg å få finansierte større innbetalningar til dekning av rettar som allereie er opparbeidde, parallelt med premiebetaling til ei ny fondsbygd ordning. Det vil også ta lang tid etter at ei ny ordning er etablert før pensjonsnivået aukar vesentleg.

Desse overgangsproblema vil omkring år 2015 bli mindre, fordi utvalet reknar med at ordninga da vil gå i balanse, og det har vore tid til å bygge opp tariffesta tilleggsordningar som sikrar eit pensjonsnivå på 60 prosent. På dette tidspunktet vil det kunne vere naturleg å vurdere ei privat ordning på nytt.

*På kortare sikt* anbefaler utvalet at ein ser på korleis ein innanfor *gjeldande pensjonsordning* kan gjere ytingane betre, slik at sjøfolk oppnår ei rimeleg pensjonsinntekt. Utvalet foreslår derfor at det blir innført eit mellombels tillegg til pensjonen for dei som held fram som sjømenn til pensjonsalderen, sjå nærare i punkt 7 nedanfor.

## 6.2 Høyring

---

Utvalet sin konklusjon er at næringa på lengre sikt er best tent med ei privat pensjonsordning, og at ein på kortare sikt fører vidare gjeldande ordning, men ser på korleis ein kan gjere ytingane betre.

Ingen av høyringsinstansane går inn for ei AFP-liknande pensjonsordning.

Dei som er for ei innføring av ei privat tenestepensjonsordning for sjømenn raskt, er *Oljearbeidernes fellessammenslutning, Norsk Olje- og Petrokjemisk Fagforbund og til dels, Norges Rederiforbund, Norges Forsikringsforbund og Statens Pensjonskasse.*

*Norges Rederiforbund* uttaler bl. a.:

«Vi deler utvalgets oppfatning av at den mest egnede finansieringsform utvilsomt ville være en privat tenestepensjonsordning. Denne vil le i likhet med dagens ordning sikre en pensjon selv om den ansatte slutter i yrket før pensjonsalder, og vil muliggjøre fortsatt yrkesaktivitet som sjømann eller i annet yrke etter nådd pensjonsalder uten at pensjonen blir redusert (samordnet vekk). Dette i motsetning til en AFP-løsning.

(...) En utsettelse med avvikling vil derfor klart være gunstig for Staten. For næringen er det annerledes. Dagens avgifter er uforholdsmessig høye. Den andel av trygdens forpliktelser som vil måtte dekkes på annen måte, angivelig av næringen, vil stadig være til stede også i 2015. Utsiktene til avgiftsreduksjoner på dette tidspunkt er meget usikre. Næringen synes således ikke i noe henseende å ha særlig å vinne på en utsettelse med avvikling til år 2015. Etter all sannsynlighet vil næringen ha de samme problemer med å få avviklet pensjonstrygdordningen på dette tidspunkt som pr. i dag.»

*Oljearbeidernes fellessammenslutning (OFS)* synest ei privat tenestepensjonsordning vil vere det beste alternativet både for medlemene deira og for næringa. OFS uttaler elles at ei slik ordning vil gi partane høve gjennom forhandlingar å bygge ut ordninga til ho når eit akseptabelt nivå. Ein privat tenestepensjon vil òg sikre at ein uansett får utteljing for innbetalt beløp på tidspunktet ein er ferdig med yrkeslivet.

Dei skriv vidare:

«Sjømannspensjonen, med dagens finansieringsform og ytelse, er uansett en dårlig løsning for alle som arbeider på flyttbare innretninger, og er omfattet av ordningen. Særlig gjelder dette gruppen som kommer under betegnelsen «underordnede».

Det skal etter OFS sin mening være rimelig samsvar mellom innbetalt avgift og den ytelsen som blir gitt til den enkelte. Med de beløp som blir innbetalt for våre medlemmer, vil en privat ordning, gi en mye gunstigere pensjonsytelse enn tilfelle er i dag.»

Utvalet sitt forslag om å føre vidare dagens ordning er ikkje OFS einig i, fordi det vil berre bli å skyve problema framom seg.

«Det vil ikke redusere den urettferdighet våre medlemmer er utsatt for», skriv dei.

*Norsk Olje- og Petrokjemisk Fagforbund* (NOPEF) uttaler at dei ikkje støttar forslaget til utvalet om

«å fortsette dagens ordning i ytterligere 15 år og deretter ta opp spørsmålet om overgang til en forsikringsbasert ordning på ny.

NOPEF mener hele næringen allerede i dag burde kunne legges om til en privat tjenestepensjonsordning for sjømenn.

Vårt forbund slutter seg til utvalgets begrunnelser for å foretrekke en privat tjenestepensjonsordning.»

NOPEF har fleire argument til fordel for ei privat ordning i deira bransje, som er offshore. Dei nemner at ei slik ordning er det einaste av dei tre alternativa som automatisk også vil omfatte utanlandske statsborgarar. Enkelte arbeidsgivarar sparar vesentlege beløp på å tilsette utanlandsk arbeidskraft, fordi dei slepp å betale pensjonsavgifter til pensjonstrygda for desse. NOPEF skriv om dette:

«..... en utredning om næringens pensjonsforhold som ikke tar hensyn til næringens utenlandske arbeidstakere, må bli svært misvisende og mangelfull.

NOPEF kan ikke støtte innføring av kostbare ordninger bare for noen arbeidstakere dersom dette medfører at billig arbeidskraft, uten pensjonsrettigheter, kan bli foretrukket av arbeidsgiverne.»

NOPEF er elles opptatt av at forholdet mellom avgiftsnivå og ytingar for medlemmene deira blir «overensstemmende».

Ved ei samanlikning av dei tre alternativa til pensjonsordning for sjømenn, meiner *Norges Forsikringsforbund* at det må leggjast stor vekt på at når tenestepensjonsordninga er etablert med nødvendige fond som sikrar pensjonsyttingane, vil ordninga gi ein stabilitet under konjunktursvingingar og ved endringar i talet på sjøfolk. Dei uttaler til dette:

«Det må også betraktes som en fordel at tjenestepensjonsordningen innebærer større samsvar mellom innbetaling og utbetaling for den enkelte sjømann enn ved dagens pensjonstrygd. Norges Forsikringsforbund støtter utvalget når det viser til at en privat tjenestepensjonsordning kan passe godt til forholdene i sjøfartsnæringen.»

Når det gjeld overgangsperioden for ein eventuell overgang til ei privat pensjonsordning, uttaler Forsikringsforbundet at dei ikkje kan sjå at eit venteleg

underskott i gjeldande utlikningssystem er eit argument for å utsetje innføringa av eit fondsbygd pensjonssystem for sjømenn.

«Det er et faktum at staten uansett skal finansiere det antatte underskuddet i årene fremover. Statens garantiansvar innebærer at de årlige regnskapsmessige underskuddene i ordningen dekkes ved årlige tilskudd fra staten. Ved en fondering kan statens garantiansvar utløses ved å overføre et beløp tilsvarende kontantverdien av garantiansvaret. Det faktum at staten i dag står som garantist bør heller utnyttes til å forsere en eventuell fondering av pensjonstrygden for sjømenn», heiter det i høyringsmerknaden.

*Statens Pensjonskasse* meiner utvalet sine vurderingar og tilrådingar kan synest for kortsiktige, og medføre at ein skyv problema framfor seg. Arbeidet med ei fondsbasert, privat pensjonsordning burde etter deira meining vore forsert.

Dei som går inn for ei vidareføring av dagens ordning - i alle fall på kort sikt - er *Styret i Pensjonstrygda for sjømenn, Norsk Sjøoffisersforbund, Det norske maskinistforbund, Norsk Sjømannsforbund, Rederienes Landsforening og Rikstrygdeverket*.

*Rederienes Landsforening* vil helst ha ei innføring av ei privat pensjonsordning umiddelbart, men kan akseptere at den offentlege pensjonsordninga for sjømenn held fram på kortare sikt. Vilkåret er at pensjonen blir gjort betre med eit mellombels inntektsprøva tillegg til sjømenn som har lang fartstid. Ein overgang til ei privat tenestepensjonsordning inneber etter deira meining så høge overgangskostnader at det «nærmest umuliggjør valg av annen finansieringsmodell»

*Rederienes Landsforening* uttaler til dette:

«Utvalget måtte dessuten, på grunn av mandatets utforming, begrense seg til å diskutere ordninger innenfor en ramme der statsgarantien ikke skulle utvides. Dette la beklageligvis store begrensninger på mulighetene til å finne alternative løsninger, som også samtidig ville gi en bedre pensjonsordning for sjømenn. Situasjonen i 2015 er usikker og i mellomtiden har rederiene betalt inn høye premier til både Pensjonstrygden og til avtalefestede tilleggspensjonsordninger. Innføring av en privat pensjonsordning umiddelbart ville derfor være å foretrekke. Vi vil også peke på at en slik ordning, innenfor rammen av dagens finansieringskostnader, ville gi bedre pensjonsytelser enn gjeldende ordning.»

*Styret i Pensjonstrygda for sjømenn* uttaler at det

«kan være hensiktsmessig å vente med avvikling av dagens ordning inntil pensjonstrygdens økonomi igjen er i balanse omkring 2015. For næringen er det imidlertid vanskelig å se fordeler ved dette. Avviklingsproblemene og kostnadene for næringen vil kunne være de samme i 2015 som per i dag.

En privat kollektiv tjenestepensjonsordning vil kunne være den mest relevante pensjonsmodell. Departementet bør i sitt videre arbeid med saken fremlegge et alternativ som gir næringen, eller grupper innenfor næringen, en mulighet for en slik løsning.»

*Sjømannsorganisasjonane; Norsk Sjøoffisersforbund, Det norske maskinistforbund og Norsk Sjømannsforbund*, sende eit felles høyringssvar. Dei støtter ei vidareføring av dagens ordning.

Organisasjonane uttaler at verken ei AFP-liknande eller ei privat tenestepensjonsløyving vil betre pensjonsordninga for nye pensjonistar dei nærmaste åra. Dei krev derfor ei betring no av dagens offentlege pensjonsordning for sjømenn.

Dei uttalar elles:

«For å få full privat tjenestepensjon er kravet til opptjening i dag 30 års yrkesaktivitet. En privat tjenestepensjonsordning vil dermed først bedre pensjonsytelsene til sjømannspensjonister mange år fram i tid. Fulle pensjoner, eller pensjonsytelser som tilsvarer 60 % av tidligere arbeidsinntekt vil først oppnås om 30 år.»

Ved ei vidareføring av ei offentleg pensjonsordning, er sjømannsorganisasjonane einig i at pensjonistar med lang yrkeskarriere til sjøs og fartstid fram til fylte 60 år, bør stille i første rekkje dersom statsgarantien ikkje skal utvidast og prioriteringar må gjerast. Organisasjonane krev:

«Et midlertidig tillegg som sikrer en pensjon lik kr. 190 000 for offiserer og kr. 140 000 for underordnet som står i yrket fram til 60 år. En slik løsning vil heve pensjonene for en del av sjømannspensjonistene de nærmeste årene, og vil gi næringen tid til å bygge opp avtalefestede tillegg til sjømannspensjonen.»

*Rikstrygdeverket* sluttar seg til utvalet si vurdering om at Pensjonstrygda for sjømenn, i alle fall på kort sikt, bør fortsette som ei offentleg pensjonsordning garantert av staten. RTV er òg einig i at ein vil få store overgangsproblem både på det administrative og finansielle området, ved ein eventuell overgang til ei privat tenestepensjonsordning for sjømenn.

### 6.3 Departementets vurdering og forslag

---

Norge har gjennom ILO-konvensjon nr. 71 forplikta seg til å sørgje for at sjøfolk skal ha ei førtidspensjonsordning, men står elles forholdsvis fritt med omsyn til korleis ordninga blir utforma og administrert. Ut frå dette vil det såleis vere akseptabelt at arbeidsgivarane sikrar sine tilsette i ei privat tenestepensjonsordning eller ordning med avtalefesta pensjon.

Ei eventuell omlegging vil føre til store og usikre utgifter til finansiering av rettar som er tent opp. Slik sett er sjømannsorganisasjonane framleis bundne av det val dei gjorde i 1948, da dei ønskte ei ordning finansiert etter utlikningsprinsippet, slik at næringa finansierer løpande pensjonar. Pensjonen er som kjent garantert av staten, slik at han er sikra ved større omleggingar i næringa.

Sjømannspensjonsutvalet sin konklusjon er at næringa på lengre sikt er best tent med ei privat forsikringsbasert tenestepensjonsordning, men at ein på kortare sikt fører vidare gjeldande ordning. Utvalet meiner at spørsmålet om ei omlegging først bør vurderast nærmare i år 2015.

I høyringsrunden kom det likevel fram at arbeidsgivarane gjerne såg ei raskare omlegging. Det samme gjeld arbeidstakarorganisasjonar innan offshore som ønskjer å bli unntatt frå gjeldande ordning så snart som mogleg.

På den andre sida kom det fram at dei tradisjonelle sjømannsorganisasjonane, Norsk Sjøoffisersforbund, Det norske maskinistforbund og Norsk Sjømannsforbund, ønskjer å føre vidare gjeldande ordning. Det er såleis inga full semje om ei omlegging frå arbeidstakarane si side.

Ein overgang til ei privat ordning vil dessutan først få full verknad om 30 år, og sjøfolka ønskjer ei rask forbetring for dei som berre har sjømannspensjonen å leve av fram til 67 år.

*Sjømannspensjonsutvalet* viser til at det blir store overgangsproblem ved å gå frå dagens finansiering av pensjonsutgiftene gjennom utlikning, til ei pensjonsordning der ein skal ha kapitaldekning. Det kan vere vanskeleg å få finansiert større innbetalingar til dekning av rettar som allereie er tente opp, parallelt med premiebetaling til ei fondsbygd ordning.

Pensjonstrygda reknar med at det er opptente rettar i ordninga på om lag 10,1 milliardar kroner som må dekkjast inn ved ei eventuell omlegging til ei privat fondsbasert tenestepensjonsordning. Overslaget er usikkert mellom anna fordi pensjonstrygda ikkje har registrert fartstid før 1975. Av det anslåtte beløpet på 10,1 milliardar kroner, skal staten dekkje 1,3 milliardar kroner i lovbestemte statstilskott i tillegg til statsgarantien på om lag 3,6 milliardar kroner. Det blir såleis att om lag 5,2 milliardar kroner som det ikkje er inndekking for.

Departementet har forståing for utvalet sin konklusjon, og er einig i at ei rask omlegging ville vere vanskeleg. Departementet legg dessutan vesentleg vekt på at dei tradisjonelle sjømannsorganisasjonane tydelegvis framleis ser fordelar ved gjeldande solidariske og statsgaranterte trygdeordning.

Ein skal ikkje sjå bort frå at ei ordning med dagens offentlege sjømannspensjon som ei grunnsikring med ei privat tilleggsordning på toppen, kan vere ei god løysing òg på sikt. Pensjonstrygda kan òg bli rimelegare dersom ordninga blir forenkla slik forslaga i proposisjonen her legg opp til.

Det er fleire grunnar til at det er betre å vurdere saka på nytt rundt år 2015 enn i dag. Det vil da vere ein meir oversiktleg og handterleg situasjon når det gjeld opptente rettar i pensjonstrygda som må finansierast parallelt med premiebetaling til ei eventuell ny ordning.

- Ein reknar elles med at pensjonstrygda på dette tidspunkt vil ha ein betre balanse mellom utgifter og inntekter enn i dag.
- Overgangsordningane etter tilpassinga til folketrygda frå 1967, vil da stort sett vere avslutta.
- Dei store etterkrigskulla sjømenn frå 1950- og 60-åra vil ha gått over på alderspensjon frå folketrygda.
- Pensjonstrygda vil dessutan ha registrert all fartstid for sine medlemmer, noko som i dag ikkje gjeld for fartstid før 1975.
- Stadig fleire sjømannspensjonistar vil ha nesten fullt utbygde private tilleggsordningar som aukar det samla pensjonsnivået, og ein vil ha vunne erfaring med korleis tilleggsordningane fungerer.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at gjeldande offentlege pensjonsordning held fram, men at ein gir et tillegg i pensjonen til dei som står i yrket til pensjonsalderen, sjå punkt 7 nedanfor.

Vidare foreslår departementet at ein opnar for at det kan gjerast unntak frå trygda for arbeidstakarar innan offshore som ser seg betre tent med andre pensjonsordningar, sjå punkt 8.



## 7 Innføring av eit tillegg til sjømannspensjonen - lov om pensjonstrygd for sjømenn ny § 6

### 7.1 Spørsmålet om å innføre eit tillegg til sjømannspensjonen - prinsipielle synspunkt

---

*Utvalet* som har greidd ut alternative ordningar for sjømannspensjon, går på kort sikt inn for å behalde den gjeldande offentlege ordninga. Sjømannspensjonsutvalet gjer framlegg om at ein innanfor denne ordninga prøver å forbetre ytingane gjennom eit tillegg til sjømannspensjonen, medan tariffesta tilleggsordningar blir bygd opp i store delar av næringa. Utvalet seier mellom anna (NOU 1999: 6 s 129):

«På kortere sikt anbefaler utvalget at man ser på hvordan man innenfor gjeldende pensjonsordning kan forbedre ytelsene, slik at sjøfolk oppnår en rimelig pensjonsinntekt. (...) Utvalget synes at det - innenfor dagens finansieringsramme - kan være fornuftig å prioritere høyere pensjoner for de sjømenn som har lang fartstid, og som står i sjømannsyrket fram til pensjonsalderen. Utvalget har skissert en løsning der det utformes en ordning med et midlertidig inntektsprøvd tillegg til sjømannspensjonene, mens tariffestede tilleggspensjoner bygger seg opp i størstedelen av næringen. Utvalget foreslår at tillegget utformes slik at disse pensjonistene kan oppnå en samlet pensjon som tilsvarer 60 prosent av arbeidsinntekten.»

Storparten av *høyringsinstansane* er positive til at ein søkjer å betre ytingane for desse sjøfolka dersom ein held fram med gjeldande pensjonsordning. Når det gjeld dei nærmare detaljane ved eit slikt tillegg, er det likevel enkelte ulike meiningar.

*Departementet* konstaterer at det er ganske stor semje - både i utvalet og blant høyringsinstansane - om å prøve å heve ytingane gjennom et tillegg til sjømannspensjonen, til personar med lang fartstid som held fram som sjømenn til dei når pensjonsalderen.

Innføring av eit mellombels tillegg til denne gruppa kan gje ei noko høgare pensjonsinntekt, medan det blir bygd opp tariffesta tilleggsordningar. Det kan òg gje incitament til at fleire sjømenn enn i dag held fram i yrket til pensjonsalderen. Departementet er på denne bakgrunn samd i dei prinsipp og vurderingar som ligg til grunn for utvalet sine forslag om å innføre eit tillegg til sjømannspensjonen. Sjå nærmare om utforminga av tillegget i punkt 7.2 til 7.4 nedanfor.

### 7.2 Målgruppa for eit tillegg til sjømannspensjonen

---

#### 7.2.1 Utvalet og høyringsinstansane si oppfatning

Når det gjeld målgruppa for eit tillegg til sjømannspensjonen, seier utvalet mellom anna (NOU 1999:6 s 128):

«Utvalget synes at det - innenfor dagens finansieringsramme - kan være fornuftig å prioritere høyere pensjoner for de sjømenn som har lang fartstid, og som står i sjømannsyirket frem til pensjonsalderen.»

Sjømannsorganisasjonane går primært inn for ein generell auke av pensjonane til 190 000 kroner for overordna og 140 000 kroner for underordna. Organisasjonane seier likevel:

«Sjømannsorganisasjonene er enig i at pensjonister med lang yrkeskarriere til sjøs, med fartstid fram til fylte 60 år bør stille i første rekke hvis statsgarantien ikke skal utvides, og prioriteringer må gjøres.»

Dei andre høyringsinstansane som har uttalt seg om dette spørsmålet, støttar i stor grad framlegget frå utvalet om å prioritere sjømenn med lang fartstid som held fram i yrket til dei når pensjonsalderen.

### 7.2.2 Vurdering og forslag frå departementet

Ein generell auke av pensjonsnivået, slik sjømannsorganisasjonane primært ønskjer, vil truleg auke utgiftene til pensjonstrygda med om lag 25 prosent i året. Som ved ein eventuell overgang til ei privat pensjonsordning for sjømenn, vil det vere vanskeleg å finansiere ein slik auke.

Utvalet føresett at eit slikt tillegg blir finansiert ved omfordelingar innanfor dagens finansieringsramme, sjå nærmare i punkt 9. Departementet legg òg til grunn at ein må gjere nokre prioriteringar med omsyn til kven som skal nyte godt av eit slikt tillegg.

Departementet støttar i hovudsak signala frå utvalet og høyringsinstansane om at ein prioriterer sjømenn som held fram i yrket til dei når pensjonsalderen (om lag ein tredel av dei som er sjømenn). Korleis ein nærmare skal avgrense personkrinsen/omfanget, går verken utgreinga eller høyringsinstansane nærmare inn på.

Ei mogleg avgrensing kan vere å sette vilkår om både fartstid av ei viss lengde og at vedkommande står i sjømannsyirket til pensjonsalderen. Ei anna løysing kan vere å nytte berre eit av desse vilkåra.

Departementet meiner at tillegget først og fremst bør gis til dei som held fram i pensjonsgjevande teneste til dei når pensjonsalderen. Dette vil truleg vere best målretta mot dei som har få inntektskjelder å leve av utover sjømannspensjonen. Dei som står i yrket fram til pensjonsalderen, vil etter departementet si erfaring i dei fleste tilfelle òg ha relativt lang fartstid. Og sjølv om fartstida etter departementet si oppfatning ikkje bør vere eit sjølvstendig vilkår for *retten til* tillegget, er det rimelig at fartstida får innverknad på storleiken på tillegget. *Departementet foreslår derfor at tillegget byggjer på pensjonisten si fartstid.*

Eit absolutt vilkår om at ein må ha stått i sjømannsyirket til pensjonsalderen, kan gi visse terskelverknader, til dømes om vedkommande har slutta i pensjonsgjevande teneste berre nokre månader før pensjonsalderen på 60 år, og derfor ikkje vil få rett til tillegget. Det kan såleis synest meir høveleg å knytte avgrensinga opp mot det faktiske uttaket av pensjon framfor pensjonsalderen.

Ved å knytte vilkåret til det faktiske uttaket av pensjonen, og ikkje til pensjonsalderen (60 år), vil òg dei som held fram i pensjonsgjevande teneste etter pensjonsalderen, kunne få tillegget når dei sluttar i arbeid.

*Departementet foreslår derfor at tillegget berre blir gitt til dei som har minst 48 pensjonsgjevande fartsmånader i løpet av dei siste 60 månadene før pensjonen blir tatt ut.* Eit slikt vilkår vil etter departementet si oppfatning gi ei tilstrekkelig avgrensing av tillegget.

### **7.2.3 Spørsmål om ein bør gi tillegget òg til dei som allereie får sjømannspensjon**

Utvalet sitt forslag til innføring av eit tillegg omfattar berre nye pensjonstilfelle, det vil seie personar som enda ikkje har tatt ut pensjon når ordninga blir sett i gang.

Sjømannsorganisasjonane krev i sin høyringsmerknad at eit tillegg òg må gis til løpande pensjonar, det vil seie til dei som allereie har sjømannspensjon når tillegget blir innført.

Departementet har ei viss forståing for dette synspunktet. Å innføre tillegget med verknad òg for dei som allereie har sjømannspensjon, vil på den andre sida auke kostnadene ved å innføre tillegget med om lag 70 mill. kroner i samla kontantverdi per 1. januar 2001. Dette er kostnader som ein i likskap med sjølve tillegget, må dekkje inn gjennom omfordelingar, sjå nærmare om dette i punkt 9 nedanfor.

Departementet skjønner sjømannsorganisasjonane slik at dei i ei slik avveging ønskjer å prioritere høgare pensjonar for dei som er «livsvarige sjømenn», og ofte har lite utover sjømannspensjonen å leve av.

Departementet meiner at det er rom for ei slik løysing ved omfordelingar.

*Departementet foreslår på denne bakgrunn at ein gir tillegget også til dei som allereie mottar sjømannspensjon når ordninga trer i kraft (1. januar 2001).*

## **7.3 Tidsavgrensing og nedtrapping av tillegget**

---

### **7.3.1 Innleiing**

Det er no innført private supplerande pensjonsordningar i store delar av næringa med grunnlag i tariffavtalar. Rettane etter desse ordningane blir tent opp gradvis; ein må ha 30 års tenestetid for å få rett til full pensjon. Det er derfor dagens unge arbeidstakarar som primært vil få fullt utbytte av ordningane når dei er fullt utbygde.

Fordi desse tilleggsordningane vil føre til at pensjonsnivået for store grupper gradvis aukar i åra framover, kan ein spør seg om tillegget til sjømannspensjonen bør reduserast gradvis i denne perioden, eller om tillegget bør vere fast (på samme nivå) i ein viss periode.

### **7.3.2 Forslag frå utvalet. Høyringsmerknader**

Når det gjeld spørsmålet om ein gradvis reduksjon/nedtrapping av tillegget, er det i innstillinga frå utvalet (NOU 1999:6 s 80) foreslått ein modell med tillegg for fartstid som er tent opp før 1. januar 2000 i 20 år framover. Tillegga vil da gradvis bli mindre, samstundes som det blir tent opp stadig større rettar for

dei som har tariffesta tilleggsordningar. I denne modellen vil samla pensjon for denne gruppa kunne bli om lag 60 prosent av yrkesinntekta som sjømann. I utvalet si vurdering (NOU s 77 og 129) heiter det mellom anna:

«Dersom ytelsen blir den samme så lenge ordningen varer, vil det bli en brå overgang når ordningen med tillegg faller bort. Med tillegg som gradvis minker unngår man skrankeeffekter, og det gis et incitament til at det bygges opp tariffestede suppleringsordningar der dette ennå ikke har skjedd.»

Utvaksmedlemene som representerer Norsk Sjømannsforbund og Norsk Sjøoffisersforbund uttrykker i ein særmerknad skepsis til ei nedtrapping av tillegg. Dei seier mellom anna:

«Dersom tillegget utformes med nedtrapping, vil dette fremstå som komplisert, og gjøre informasjonsarbeidet knyttet til medlemmene unødige vanskelige. Utredningen viser også at et tillegg uten nedtrapping gir relativt begrensede merutgifter.»

Sjømannsorganisasjonane gir uttrykk for dei same holdningane i sin høyringsmerknad. Dei uttaler mellom anna:

«Sjømannsorganisasjonene mener dette tillegget må lovfestes og indeksreguleres, og gis til pensjonister som går av med pensjon frem til år 2015. Et nedtrappet tillegg slik flertallet går inn for framstår som svært komplisert, og vil gi betydelige informasjonsproblemer. Et tillegg med varighet frem til 2015 vil dessuten i henhold til departementets høringsbrev innebære mindretutgifter i forhold til flertallets forslag om et tillegg som avtrappes år for år.»

### 7.3.3 Vurdering og forslag frå departementet

*Departementet meiner eit tillegg til sjømannspensjonen bør trappast ned over tid.*

Det er no innført tariffesta tilleggsordningar i store delar av næringa, noko som fører til at pensjonsnivået for dei fleste gradvis vil stige i åra framover. Dersom tillegget ikkje samstundes blir gradvis redusert, vil derfor samla kompensasjon kunne overstige føresetnaden om eit pensjonsnivå på 60 prosent.

Dersom tillegget blir gitt fram til 2015 utan nedtrapping slik sjømannsorganisasjonane foreslår i sin høyringsmerknad, vil det dessutan kunne oppstå terskelverknader når tillegget fell bort. Ved å redusere tillegget gradvis, unngår ein dette. Som påpeikt av utvalet vil ei nedtrapping òg skape eit større incitament til at det blir bygd opp tariffesta tilleggsordningar der dette enda ikkje har skjedd.

Sjømannsorganisasjonane innvender som nemnd at utvalet sin modell for nedtrapping vil bli komplisert, og gi informasjonsproblem. Departementet har ei viss forståing for at utvalet sine forslag kan virke noko kompliserte. *Departementet har derfor utforma eit noko enklare alternativ til utvalet sitt forslag.* Sjø nærme om dei to alternative modellane nedanfor.

## 7.4 Nærmare om tillegget - to alternative modellar

---

### 7.4.1 Innleiing

Som det framgår av framstillinga ovanfor, er det etter departementet si oppfatning desse føresetnadene som bør være sentrale i utforminga av eit tillegg til sjømannspensjonen:

- Tillegget blir gitt til dei som har pensjonsgjevande fartstid i minst 48 av dei siste 60 månadene før pensjonen blir tatt ut. Det blir òg gitt til allereie løpende pensjonar etter samme vilkår.
- Tillegget blir gitt for ein tidsavgrensa periode, og det blir trappa ned samstundes med at tariffesta tilleggsordningar blir oppbygd.
- Tillegget blir finansiert gjennom omfordelingar.
- Tillegget blir ikkje gitt til dei som har arbeidsinntekt over to ganger grunnbeløpet i folketrygda.

Med bakgrunn i desse føresetnadene blir det nedanfor drøfta to alternative modellar for utforming av eit tillegg til sjømannspensjonen.

### 7.4.2 Ein 60 prosent-modell - utvalet sitt forslag

#### *Utrekning av tillegget*

Utvalet foreslår i si innstilling (NOU 1999:6 s 129) at tillegget blir utforma slik at dei som held fram i sjømannsyrket fram til pensjonsalderen, kan oppnå ein samla pensjon som utgjer om lag 60 prosent av inntektsgrunnlaget.

Det blir berre rekna med ein tredel av inntekt mellom 6 G og 12 G, slik som i folketrygda, og ikkje med inntekt over dette nivået. Det vil seie at når inntekta overstig 6 G (281 700 kroner per 1. mai 1999), vil kompensasjonsnivået i høve til inntekta bli lågare enn 60 prosent. Tillegget får dermed ein sosialt utjamnande profil. I dei tilfella pensjonen etter dagens ordning blir over 60 prosent av inntektsgrunnlaget, får ein ikkje tillegget.

Utrekninga av tillegget etter utvalet sin modell bygger på registrerte sjømannsinntekter.

For arbeidstakarar på fiske- og fangstfartøy blir det betalt pensjonsavgift med faste beløp per månad, og det blir ikkje innrapportert inntekter til Pensjonstrygda for sjømenn. Utvalet har ikkje vurdert nærmare korleis ein skal fastsette inntektsgrunnlaget for denne gruppa, men nemner som mogleg at ein fastsett tillegget ut frå normerte inntekter, eller ved at ein reknar ut eit inntektsgrunnlag i høve til innbetalt avgift. Departementet meiner at dette eventuelt bør regulerast nærmare i forskrifter.

Utrekningar frå utvalet av kva tillegget ville blitt for pensjonistar fødd i 1935, viser at pensjonistar som segla fram til pensjonering, ville fått tillegg av varierende storleik (før inntektsprøving). Gjennomsnittleg tillegg er berekna til om lag 22 000 kroner per år (om lag 1 800 kroner per månad).

Utvalet sitt forslag til nedtrapping blir omtalt slik i utgreiinga (NOU s 129):

«Utvalget foreslår at tillegget gis for fartstid som er opptjent før år 2000. Økt pensjon for senere fartstid må i tilfelle opptjenes gjennom tariffestede tilleggs pensjonsordningar. Det foreslås at det beregnes fullt tillegg for denne gruppen pensjonistar når det ytes pensjon for 360 farts måneder opptjent før 1. januar 2000. Er det opptjent mindre farts-

tid før denne datoen reduseres tillegget forholdsmessig. Har pensjonisten opptjent mer enn 360 pensjonsgivende farts måneder i alt, regnes differansen mellom 360 måneder og fartstiden opptjent etter 31. januar 1999 å være opptjent før 1. januar 2000. Det foreslås at det gis tillegg for nye pensjonister i en periode på 20 år. Det siste året det innvilges tillegg til sjømannspensjonene vil da bli 2019. Det vil si at siste utbetaling blir i år 2026.»

### *Inntektsprøving*

I utvalet sine vurderingar blir det forutsett at eit slikt mellombels tillegg til sjømannspensjonen blir inntektsprøva. Det blir sagt mellom anna (NOU s 77 flg):

«Tillegget bør komme reelle pensjonister til gode, og ikke dem som fortsetter i arbeidslivet, i et annet yrke eller som sjømenn etter 62 år. (...) Det forutsettes at det skal foretas inntektsprøving etter samme regler som for AFP-pensjonene, dvs at pensjonistene kan ha en årlig arbeidsinntekt (pensjonsgivende inntekt) som svarer til G uten at tillegget reduseres. Tillegget reduseres med 50 prosent av inntekten over G. Dessuten må summen av pensjon og inntekt ikke overstige den tidligere inntekten. Også den ordinære sjømannspensjonen tas med i denne summen.

Ved en inntekt på 100 000 kroner per år blir således fradragsbeløpet:  $\text{kr } (100\,000 - 45\,370) \times 50\% = \text{kr } 27\,315$ . (...) Det er foretatt en undersøkelse om sjømannspensjonisters pensjonsgivende inntekter i 1996. Resultatene av undersøkelsen er gjengitt i vedlegg 2 til utredningen. Det framgår at en betydelig del av pensjonistene hadde inntekter, også personer som seilte til de tok ut sjømannspensjonen. For ca 45 prosent av disse pensjonistene var inntekten større enn G. Det må antas at muligheten til å få økt pensjonen gjennom et inntektsprøvd tillegg vil kunne påvirke pensjonistenes atferd i noen grad, men det er ikke mulig å ha noen sikker formening om hvordan dette vil slå ut.

For å danne seg et bilde av hvordan inntektsprøving vil kunne virke, har utvalget lagt til grunn resultatene fra den nevnte undersøkelsen om sjømannspensjonisters inntektsforhold i 1996. På dette grunnlag kan det gjennomsnittlige fradragsbeløpet (på 1998-nivå) anslås til ca 67 000 kroner. Dette innebærer at for dem som har inntekter over G, vil tillegget stort sett falle bort etter begge beregningsmodellene. (...) Ved 60 prosent-modellen vil anslagsvis ca 55 prosent av dem som seiler til de tar ut sjømannspensjonen få tillegget (dvs ca 18 prosent av alle sjømannspensjonister mellom 60 og 67 år).»

### *Økonomiske og administrative konsekvensar*

Den samla kontantverdien (nåverdien) per 1. januar 2001 av meirutgifter ved å innføre eit tidsavgrensa (20 år) og inntektsprøva tillegg for fartstid før 1. januar 2001, kan reknast til om lag 195 mill. kroner. Som nemnd i punkt 7.2 ovanfor, foreslår departementet at tillegget også kan gis til allereie løpande pensjonar, noko som vil auke utgiftene med om lag 55 mill. kroner. Dei samla kostnadene kan da reknast til om lag 250 mill kroner i kontantverdi for desse 26 åra.

Utgiftene det første året kan truleg utgjere om lag 19 mill. kroner. Utgiftene vil auke noko dei første sju åra. Tillegget vil for seinare årskull gradvis bli redusert, for så å falle heilt bort etter 26 år.

### 7.4.3 Eit tillegg som ein viss prosentdel av pensjonen

#### *Bakgrunn. Høyringsinstansane sitt synspunkt*

Til skilnad frå den omtalte 60-prosent-modellen, krev sjømannsorganisasjonane eit mellombels tillegg som aukar pensjonen til 190 000 kroner for overordna og 140 000 kroner for underordna. Sjømannsorganisasjonane meiner tillegget må bli lovfesta og indeksregulert, og gitt til pensjonistar som går av med pensjon fram til 2015. Organisasjonane ønskjer som nemnd ikkje at tillegget skal reduserast gradvis.

Også pensjonstrygda sin administrasjon har enkelte merknader til den «60-prosent-modellen» som er foreslått. Dei seier i sin merknad mellom anna:

«Administrasjonen vil for øvrig peke på at «60 prosent-modellen» - selv om den ikke vil omfatte så mange personer - vil måtte kreve nye rutiner for utveksling av pensjons- og inntektsopplysninger. Det vil også være en viss fare for at PTS ikke får korrekte opplysninger om andre inntekter til rett tid, slik at pensjon kan bli utbetalt for meget. Dette vil i tilfelle nødvendiggjøre hjemler for etterfølgende krav om tilbakebetaling av for meget utbetalt pensjon, for eksempel ved trekk i løpende pensjon.»

Departementet har ei viss forståing for at ein finn «60-prosent-modellen» noko detaljert, og er derfor innstilt på å vurdere andre moglege modellar for eit tillegg som kan vere enklare å administrere, informere om mv. Departementet legg derfor fram eit alternativ nedanfor, der tillegget utgjør ein prosentdel av pensjonen.

#### *Utrekning og nivå*

Departementet er samd med sjømannsorganisasjonane i at eit beløpsmessig tillegg som skal auke pensjonsnivået, bør indeksregulerast. Dette kan ein til dømes gjere ved at tillegget blir fastsett som ein del av grunnbeløpet i folketrygda, eller som ein del av pensjonen (som følgjer utviklinga i folketrygda sitt grunnbeløp).

Eit eventuelt tillegg i prosent av grunnbeløpet vil gi eit likt kronebeløp for både under- og overordna. Det vil seie at tillegget gir ein større prosentvis auke av lågare pensjonar (underordna) enn ved høgare pensjonar (overordna). Dersom tillegget i staden blir gitt som ein del av pensjonen, vil den prosentvise auken av pensjonen bli like stor for både under- og overordna. Ein annan skilnad er at eit tillegg i prosent av grunnbeløpet må reduserast høvesvis dersom vedkommande ikkje har tent opp full fartstid, medan eit tillegg som utgjør ein del av den utbetalte pensjonen, automatisk vil vise at vedkommande har redusert pensjon på grunn av manglande fartstid. *Departementet meiner på denne bakgrunn at eit tillegg i prosent av pensjonen vil vere det beste av dei to alternativa.*

Når det gjeld nivået for eit slikt tillegg, synes forslaget frå sjømannsorganisasjonane - om å gi ein auka pensjon på 140 000 kroner til underordna og 190 000 kroner til overordna - å ligge noko høgt i høve til utvalet sin omtale av «60 prosent-modellen». Departementet viser til at utvalet har berekna gjennomsnittleg «60-prosent-tillegg» for 1935-årgangen til å utgjere om lag 22 000 kroner før inntektsprøving. Det bør i denne samanhengen seiast at «60 prosent-modellen» baserer seg på at berre ein tredel av inntekter mellom seks og tolv

ganger folketrygda sitt grunnbeløp blir medrekna ved utmålinga av tillegget, noko som gir eit lågare kompensasjonsnivå for inntekter over dette nivået.

*Departementet foreslår eit tillegg på 20 prosent av pensjonen.* For ein overordna med full fartstid vil dette gje ein auke i samla pensjon frå 153 808 kroner til 184 570 kroner med dagens grunnbeløp i folketrygda. Ein underordna med full fartstid vil kunne få ein auke i samla pensjon frå om lag 115 000 kroner til om lag 140 000 kroner.

### Nedtrapping

Departementet legg til grunn (jf. punkt 7.3 ovanfor) at eit tillegg til sjømannspensjonen bør nedtrappast, fordi store delar av dagens sjømenn gradvis vil få auka pensjonsrettar etter tariffbaserte tilleggsordningar. Det samla kompensasjonsnivået for denne gruppa sjømenn vil derfor ikkje bli redusert i særleg grad i åra framover.

Nedtrappinga kan skje ved at prosentdelen av pensjonen gradvis blir redusert som vist i tabell 7.1 nedanfor. Tabellen viser også kva dette vil gje i årleg tillegg for overordna/underordna.<sup>1)</sup> Departementet foreslår som nemnd (punkt 7.2) at tillegget også blir gitt til dei som allereie mottar pensjon ved iverksetjinga (personar fødd i åra 1934-40).

Tabell 7.1: Årleg tillegg

Fødselsår	Årleg tillegg
1934-42	20% (kr 30 762 / 22 922)
1943-45	17% (kr 26 147 / 19 484)
1946-48	14% (kr 21 533 / 16 045)
1949-51	11% (kr 16 919 / 13 607)
1952-54	8% (kr 12 305 / 9 169)
1955-59	5% (kr 7 690 / 5 731)

### Inntektsprøving

I utvalet sine vurderingar blir det føresett at eit mellombels «60 prosent-tillegg» til sjømannspensjonen blir inntektsprøva. Det blir sagt mellom anna (NOU 1999:6 s 77):

«Tillegget bør komme reelle pensjonister til gode, og ikke dem som fortsetter i arbeidslivet, i et annet yrke eller som sjømenn etter 62 år.»

Utvalet foreslår ei inntektsprøving der tillegget blir redusert med 50 prosent av inntekt over grunnbeløpet i folketrygda. Dessutan må ikkje samla pensjon og inntekt overstige den tidlegare inntekta. Sjå nærmare ovanfor i punkt 7.4.2.

Til skilnad frå 60 prosent-tillegget, som vil variere i storleik frå om lag 0 - 65 000 kroner, vil eit tillegg på 20 prosent av ein full pensjon som over-/underordna utgjere mellom om lag 22 000 og 30 000 kroner dei første åra. Tillegget

<sup>1)</sup> I dagens ordning gjeld det ein sats som underordna for fartstid før 1.5.93 og ein (høgare) sats for fartstid etter dette tidspunktet. I eksempla er det forutsatt at vedkommande har 92 månaders fartstid (fra 1.5.93 til 1.1.2001) etter høgaste sats som underordna.



vil som omtalt ovanfor, gradvis bli mindre. Til dømes vil ein person fødd i 1950 med full pensjon kunne få eit tillegg på mellom om lag 13 000 og 17 000 kroner.

Ei inntektsprøving som nemnd ovanfor, vil ved ei inntekt på til dømes 100 000 kroner gje eit frådragsbeløp på  $(100\,000 - 46\,950) \times 50\% = \text{kr } 26\,525$ . Det vil seie at eit tillegg i prosent av pensjonen i dei aller fleste tilfella fell bort eller blir svært lite. Ved ei inntekt på 70 000 kroner blir frådragsbeløpet  $(70\,000 - 46\,950) \times 50\% = 11\,525$  kroner. Ved ei slik inntekt vil det bli ganske lite igjen av tillegget for dei seinare «årgangane».

Departementet er av den oppfatning at eit tillegg i prosent av pensjonen òg bør vere *inntektsavhengig*, slik at tillegget blir gitt til dei som i hovudsak berre har sjømannspensjonen å leve av, og som derfor treng det mest. Dette gjeld særleg når finansieringa av tillegget skjer gjennom omfordelingar i dagens ordning. Slike omfordelingar bør etter departementet sitt syn ikkje vere med på å finansiere tillegg for personar som opprettheld ei høg inntekt etter pensjonering. Departementet meiner likevel at det kan vere grunn til å ha ei noko enklare avgrensing enn den omtalte inntektsprøvinga.

*Departementet foreslår på denne bakgrunn at det i staden for ei inntektsprøving slik utvalet foreslår, blir nytta ei inntektsgrense.* Det vil seie at tillegget fell bort dersom ein har inntekt over denne grensa. Departementet synest det kan vere naturleg å sette ei slik inntektsgrense til to ganger grunnbeløpet i folketrygda (93 900 kroner per 1. mai 1999). Det blir såleis høve til at ein kan tene noko meir enn grunnbeløpet i folketrygda før det får verknad for tillegget. Som vist ovanfor vil tillegget bli ganske lite ved inntekt over dette nivået òg etter utvalet sitt forslag til inntektsprøving. Undersøkingar frå utvalet viser at om lag halvparten av sjømannspensjonistane - som var i yrket fram til fylte 60 år - har inntekt over dette nivået.

#### *Økonomiske og administrative konsekvensar*

Kontantverdien (nåverdien) av meirutgiftene for dei aktuelle 26 åra med eit behovsprøva tillegg i prosent av pensjonen - som omtalt ovanfor - kan reknast til om lag 190 mill. kroner per 1. januar 2001. Departementet foreslår i punkt 7.2.3 ovanfor at tillegget også kan gis til løpande pensjonar, noko som vil auke utgiftene med om lag 70 mill. kroner i kontantverdi. Dei samla kostnadene blir da om lag 260 mill. kroner i kontantverdi (nåverdi). Utgiftene det første året kan da truleg bli om lag 25 mill. kroner. Utgiftene vil auke noko dei første åra, for deretter å bli gradvis redusert.

#### **7.4.4 Ei samanlikning av modellane. Vurdering frå departementet**

##### *Utrekning av tillegget mv.*

Som framstillinga ovanfor viser, er eit tillegg som utgjer ein viss prosentdel av pensjonen, enklare å berekne enn eit tillegg som tek sikte på å gje ein kompensasjon på 60 prosent av inntekta. For det første er ein ved eit slikt tillegg ikkje avhengig av å måtte skaffe inntektsopplysningar, slik som ved «60-prosentmodellen». Pensjonstrygda for sjømenn har registrert sjømannsinntekter frå og med 1994, men dei har ikkje registrerte inntekter for arbeidstakarar på fiske- og fangstfartøy. Departementet meiner at eit slikt tillegg vil vere lettare både å administrere og praktisere for Pensjonstrygda.

*Departementet meiner at eit tillegg i prosent av pensjonen truleg òg vil vere enklare å informere om og forstå for dei aktuelle pensjonistane, slik arbeidstakarane peikar på. Mellom anna kjem storleiken på tillegget direkte fram som ein del av pensjonen, ein treng ikkje gjere omfattande utrekningar for å finne ut kva tillegget blir. Ved eit slikt tillegg er det òg lettare å seie på førehand kva samla pensjon vil utgjere, fordi det ikkje er knytt til inntekta som sjømann dei siste åra før pensjonering. Dette vil særleg vise seg i tilfelle der vedkommande har hatt ei varierende inntekt som sjømann dei siste åra før pensjonering.*


### *Kompensasjonsnivå og fordelingsverknader*

Kompensasjonsnivået som dei to alternative tillegg vil gi, er noko forskjellig. Tabell 7.2 viser storleiken ved ulike inntektsnivå, medan diagrammet i figur 7.1 viser pensjonen i prosent av inntekta. Det blir forutsett at det er tent opp full fartstid<sup>2)</sup>. Storleiken på tillegget er vist for dei første årskulla. For dei seinare årskulla vil tillegget bli gradvis mindre, samstundes som rettane etter tariffesta ordningar aukar for eit fleirtal. Det samla kompensasjonsnivået for denne gruppa sjømenn vil derfor ikkje bli vesentleg redusert, sjølv om tillegget blir mindre.

Tabell 7.2: Samla pensjon og tillegg i dei ulike alternativa

Inntekt	Dagens ordning underordna/overordna	Pensjon med eit «60%- tillegg»	Pensjon med eit tillegg på 20% av pensjonen
200 000	114 612 / 153 808	120 000 / 153 808	137 534 / 184 570
250 000	114 612 / 153 808	150 000 / 153 808	137 534 / 184 570
300 000	114 612 / 153 808	172 680	137 534 / 184 570
350 000	114 612 / 153 808	182 680	137 534 / 184 570
400 000	114 612 / 153 808	192 680	137 534 / 184 570
450 000	114 612 / 153 808	202 680	137 534 / 184 570
500 000	114 612 / 153 808	212 680	137 534 / 184 570

<sup>2)</sup> I dagens ordning gjeld det ein sats som underordna for fartstid før 1.5.93 og ein (høgare) sats for fartstid etter dette tidspunktet. I eksempla er det forutsatt at vedkommande har 92 måneders fartstid (fra 1.5.93 til 1.1.2001) etter høgaste sats som underordna. Eksempla viser pensjonssatsar og grunnbeløp per 1.mai 99.



Figur 7.1 Samla pensjon og tillegg i prosent av inntekta

Den ordinære sjømannspensjonen har ein skilnad i kompensasjonsnivået mellom over- og underordna. Pensjonen blir målt ut berre etter talet på fartsmånader som over- eller underordna. Fordi pensjonen er heilt uavhengig av tidlegare inntekt, har han ein stor utjamningseffekt.

Døma viser at 60 prosent-modellen vil gje det same kompensasjonsnivået for både over- og underordna ved inntekt over eit visst nivå (ved om lag 250 000 kroner). Kompensasjonsnivået blir det same, fordi pensjonen utgjer ein prosentats av inntekta for både over- og underordna. Å innføre eit 60 prosent-tillegg vil såleis innebere at ein i stor grad går over til eit anna utreknings- og utmålingssystem enn i dag, fordi pensjonen blir relatert til tidlegare inntekt. Etter departementet si oppfatning kan det vere ein viss fordel å bygge vidare på dagens pensjonssystem ved utforminga av tillegget, i og med at tillegget gjeld mellombels og vil miste si tyding etter kvart.

Døma viser at eit tillegg på 20 prosent av pensjonen vil auke kompensasjonsnivået forholdsvis likt for både over- og underordna, og at ein beheld den same fordelingsprofilen som i dag. For personar med gjennomsnittlege inntekter vil kompensasjonsnivået auke fra om lag 45% til mellom 50-60% med eit tillegg.

For ein *underordna* viser døma at dei to alternativa vil gje tilnærma likt kompensasjonsnivå ved ei gjennomsnittleg inntekt på om lag 250 000 kroner. Ved inntekter over dette nivået, vil 60-prosent-modellen gi noko betre kompensasjonsnivå, medan eit tillegg på 20 prosent av pensjonen gir best kompensasjon ved inntekter under dette nivået. På same måte vil modellane gi omtrent same pensjonsnivå for ein *overordna* ved ei gjennomsnittleg inntekt på om lag 375 000 kroner. For inntekter over dette nivået vil 60-prosent-modellen gi høgast kompensasjon. Eit tillegg på 20 prosent av pensjonen vil gi best kompensasjon for inntekter under dette nivået, og har såleis ein betre sosial profil.

Dei to modellane har ein noko ulik utjamningseffekt. Med eit tillegg på 20 prosent av pensjonen beheld ein dagens utjamning, fordi pensjonen blir den same uavhengig av inntekta. Ved

å innføre eit tillegg etter 60 prosent-modellen, oppnår ein at inntekta får større vekt og at tillegget derfor fører til ein noko svekt omfordelingsprofil i dagens sjømannspensjon. Som figur 7.1 viser, vil det likevel ikkje bli så stor skilnad mellom dei to alternativa når det gjeld utjamning. Dette kjem først og fremst av at berre ein tredel av inntekter mellom 6 og 12 ganger grunnbeløpet i folketrygda blir medrekna ved utmålinga av 60-prosent-tillegget, noko som gjer at storleiken på tillegget blir mindre ved desse inntektsnivåa.

## 7.5 Forslag frå departementet

---

Departementet foreslår å gi eit tillegg til pensjonen for sjømenn som har minst 48 pensjonsgjevande farts måneder i løpet av dei siste 60 månadene før uttak av pensjon. Tillegget blir inntektsavhengig, slik at det ikkje blir gitt dersom vedkommande har ei pensjonsgjevande inntekt over to ganger grunnbeløpet i folketrygda (93 900 kroner per 1. mai 1999). Det blir foreslått at tillegget også blir gitt til løpande pensjonar ved iverksetjinga. Tillegget vil utgjere ein del av pensjonen etter desse satsane:

Personar fødd i åra

1934-42	20%
1943-45	17%
1946-48	14%
1949-51	11%
1952-54	8%
1955-59	5%

Det blir vist til lovforslaget ny § 6 der det òg blir bestemt at styret kan gi nærmare reglar om gjennomføringa.

## 7.6 Iverksetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

---

Departementet foreslår at tillegget blir innført med verknad frå 1. januar 2001. Det blir foreslått at tillegget òg kan gis til dei som per denne datoen allereie får pensjon, forutsett at dei tente opp minst 48 pensjonsgjevande farts måneder dei siste 60 månadene før uttak av pensjon.

Dei samla kostnadene blir da på om lag 260 mill. kroner i kontantverdi. Utgiftene til tillegget det første året vil bli om lag 25 mill. kroner. Dei årlege utgiftene vil auke noko dei første åra - opp til om lag 28 mill. kroner i 2008 - for deretter å gradvis bli mindre.

Føresetnadene for overslaga er noko usikre, mellom anna er det vanskeleg å seie på førehand kor mange som i framtida vil halde fram i sjømannsyrket til dei når pensjonsalderen.

## 8 Yrkesgrupper innan offshore skal kunne bli unntatt frå pensjonstrygda - lov om pensjonstrygd for sjømenn § 2

### 8.1 Innleiing

---

*Departementet foreslår at yrkesgrupper innan offshore etter dispensasjon kan få gå ut av pensjonstrygda med framtidig verknad. Dei som blir unntatt, kan få rekna med tenestetid i andre pensjonsordningar for å nå opp til minstekravet på 150 månader for å få alderspensjon frå pensjonstrygda.*

Personkrinsen i dagens lovfesta pensjonstrygd for sjømenn er vid. Som hovudregel er norske statsborgarar, personar busett i Noreg og statsborgarar frå andre EØS-land omfatta av pensjonsordninga når dei er arbeidstakarar på skip og visse flyttbare innretningar i sjøen som er innført i norsk skipsregister (NOR eller NIS) med minst 100 bruttotonn (§ 1 nr. 2). Høva for unntak frå pensjonsordninga er avgrensa. På fiske- og fangstfartøy er visse stillingar omfatta av trygda, men ikkje fiskarar.

Sjømannspensjonsordninga har fått utvida personkrinsen opp gjennom åra. Spesialiseringa i skipsfarten har medført at nye yrkesgrupper no er omfatta av ordninga i tillegg til dei tradisjonelle sjømennene. Trygda omfattar også (sidan 1975) arbeidstakarar på visse flyttbare innretningar i boreverksamda etter undersjøiske naturførekomstar som ikkje blir definerte som skip. Omfanget er på fleire punkt vidare enn forpliktingane Noreg har tatt på seg gjennom ILO-konvensjon nr. 71 om pensjoner til sjømenn.

### 8.2 Bakgrunn. Høyring

---

Utvalet nemner i NOU 1999:6 Sjømannspensjon at det frå arbeidsgjevarsida har blitt reist spørsmål om at visse yrkesgrupper som i dag er omfatta av trygda, bør få gå ut av den gjeldande ordninga, særleg innan offshore. Det er mellom anna peikt på at dette gjeld grupper med ei avgrensa yrkeskarriere til sjøs, som ofte ikkje vil oppfylle kravet til 150 pensjonsgjevande fartsmonader for rett til pensjon. Det blir òg vist til at mange arbeidstakarar i dag skifter mellom faste installasjonar - der dei ikkje er omfatta av pensjonstrygda for sjømenn - og flytande plattformer - der dei er omfatta. Elles er det peikt på at den obligatoriske medlemskapen i pensjonstrygda for sjømenn avgrensar høva for arbeidsgjevarane til å ta desse arbeidstakarane med i pensjonsordningar som dei finn betre eigna.

På den andre sida har det frå nokre av arbeidstakarorganisasjonane blitt uttrykt ønske om å utvide personkrinsen i pensjonstrygda for sjømenn ved at alle arbeidstakarar på fiskefartøy over 100 bruttotonn (altså også fiskarane) bør vere omfatta av pensjonsordninga for sjømenn. I samband med dette er det vist til at det bør vere samme pensjonsordning for alle arbeidstakarar på samme skip, særleg i havfiskeflåten.

*Sjømannspensjonsutvalet* meiner at spørsmålet om personkrinsen truleg kan stille seg noko forskjellig alt ettersom kva for ei av dei tre utgreidde pensjonsordningane som blir gjennomført. Dei skriv om dette:

«Mandatet for utvalget legger imidlertid ikke opp til noen drøftelse av personkretsen i en framtidig pensjonsordning for sjømenn. Utvalget er begrenset satt sammen av organisasjoner som representerer tradisjonelle sjøfolk, og det anses derfor korrekt at eventuelle spørsmål om endringer i personkretsen tas opp av de berørte organisasjoner når utvalgets innstilling sendes på høring. Utvalget vurderer derfor ikke disse spørsmålene nærmere. Når det spesielt gjelder spørsmålet om å ta med fiskere, må det dessuten tas hensyn til at det finnes en lovfestet pensjonsordning for denne yrkesgruppen.»

Utvalet uttaler at det etter mandatet kan vurderast om utanlandske sjøfolk bør sikrast særskilt. Utanlandske sjøfolk på norske skip som ikkje er busette i Noreg, er i dag omfatta av pensjonstrygda for sjømenn dersom dei er borgarar i eit EØS-land, eller er busette i eit slikt land. Desse sjøfolka tener opp blant anna også ordinære pensjonsrettar i folketrygda, noko som ikkje er tilfelle for andre utanlandske sjøfolk på norske skip. Utvalet viser til dette og finn ikkje grunn til å vurdere nærmare pensjonering av utanlandske sjøfolk utanfor det som følgjer av Noregs konvensjonsforpliktingar.

I *høyringsrunden* meiner *Rederienes Landsforening* at det har lite for seg med ei utviding no når ordninga skal opp til ny vurdering om 15 år. Dei uttaler vidare:

«Dette synes å være en fornuftig løsning, også fordi problemstillingen ikke har vært utredet og man således ikke vet hva en slik endring innebærer.»

*Sjømannsorganisasjonane* uttaler at dersom grupper av arbeidstakarar blir tatt ut av ordninga, vil dette kunne gjere økonomien i pensjonstrygda enda dårlegare dei nærmaste åra. Dei ønskjer derfor ikkje denne utviklinga. På den andre sida er organisasjonane positive til å ta inn nye grupper i ordninga. Dei nemner at fiskarane i dag har ei svært dårleg pensjonsordning, og at det med fordel kan vurderast å ta dei med i pensjonstrygda for sjømenn.

*Oljearbeidernes Fellessammenslutning* (OFS) finn det naturleg at dei gruppane som arbeider på dei flyttbare plattformene, bør bli unntatt frå pensjonsordninga for sjømenn. OFS uttaler til dette:

«...det oppfattes som særdeles urettferdig at våre medlemmer skal være tvunget til å være med å finansiere en ordning som for mange kun vil gi lite, eller ingen rettigheter i trygden i det hele tatt! Og de som ingen ting får, vil kun få refundert en brøkdel av de innbetalte midlene.

En bør ikke glemme at det finnes bedrifter som driver virksomhet både på skip og på land, og hvor arbeidstakerne kanskje ufrivillig vil måtte arbeide under forskjellige pensjonsregimer, i henhold til arbeidsgivers styringsrett, og på den måten miste muligheten til opptjening som gir uttelling på pensjonen.

Derfor må en tjenestepensjon, etter fristilling fra dagens ordning for den gruppen vi representerer, medføre at Staten og fondet tilfører denne ordningen tilstrekkelig midler som vil sikre allerede opptjente rettigheter i trygden.»

*Norsk Olje- og Petrokjemisk Fagforbund* (NOPEF) meiner at offshorebransjen kan få gå ut av gjeldande pensjonstrygd for sjømenn. «Det forutsettes at opp-tjente rettigheter blir sikret.»

Bakgrunnen for dette er at NOPEF meiner dagens ordning ikkje er eigna for deira bransje.

Dei skriv at å

«gjøre de endringer i dagens ordning slik utvalget foreslår for å sikre verdige pensjoner til dem som har lang fartstid og står i yrket til pensjonsalderen, er i seg selv kanskje nødvendig dersom ordningen beholdes.

Slik sikkerhet har vår næring forhandlet fram lokalt slik at vi ikke vil berøres dersom dagens ordning forbedres på dette området.

I tariffoppgjøret i 1998 ble det avtalt særskilt mellom NOPEF og Norges Rederiforbund at ansatte ved hjelp av et særskilt tillegg de nærmeste år kan pensjoneres med inntil 66 % av tidligere lønn, selv om de ikke har opptjent fulle rettigheter i sjømannspensjonen eller de tilleggspensjonsordninger som tidligere er opprettet. (...)

NOPEF forutsetter at ansatte med tidligere yrkesbakgrunn som sjømenn vil kunne ta med seg sine oppsparte rettigheter fra sjømannspensjonsordningen og over i en eventuell ny ordning som opprettes i offshorebransjen alene. Dette må også forutsettes selv om resten av sjøfolkene fortsetter i dagens ordning fram til år 2015.»

*Norges Rederiforbund* meiner at tilsette i teneste på flyttbare innretningar offshore straks bør få gå ut av pensjonstrygda. Dei seier at moglege avviklingskostnader ved å frigi denne gruppa, bør dekkjast av staten/trygda. Dette er etter deira syn rimeleg da denne gruppa truleg har betalt meir inn til trygda enn dei har fått ut.

Rederiforbundet uttaler elles at det er uheldig at grupper innanfor offshore, catering, dykkarservice og seismikk har vore

«...tvunget til å delta i Pensjonstrygden, for å sikre trygdens økonomi og uten selv å få rettigheter av betydning i trygden. Dette har dessuten hindret disse ansatte i å få andre og mer egnede pensjonsordninger, fordi det ikke har vært midler til både å betale avgifter til Pensjonstrygden og til å opprette egne ordninger for disse ansatte. ...

For andre grupper, spesielt utenriksfart, er det vår oppfatning at også disse bør gis tilbud om å fristilles fra Pensjonstrygden. For disse ansatte burde det kunne utformes en pakke der avviklingskostnadene finansieres dels ved midler som frigjøres ved en omfordeling/sparing mv, dels ved bruk av trygdens grunnfond og dels ved særskatt eller særavgift for næringen i en tidsbegrenset periode. Det forutsettes at en slik avgift/skatt ikke skal belastes med avgifter til folketrygden.»

### 8.3 Departementets vurdering og forslag

---

*Departementet meiner det bør vere eit visst høve gjennom dispensasjon frå departementet til at yrkesgrupper innan offshore kan bli unntatt frå pensjonstrygda med framtidig verknad.*

Føresetnadene for dispensasjon er at det er semje mellom arbeidstakarane og arbeidsgivarane, og at departementet finn at desse yrkesgruppene har andre pensjonsordningar som er minst like gode.

På kort sikt vil det gjere økonomien i ordninga dårlegare, men på den andre sida blir framtidige forpliktingar mindre. Det kan heller ikkje synest rimeleg å finansiere pensjonsordninga med avgifter frå arbeidstakarar som får lite nytte av ordninga.

Når det gjeld spørsmålet om å utvide ordninga til òg å gjelde for fiskarar, vurderer departementet at det er mest høveleg at det ikkje blir tatt inn nye grupper som pliktige medlemmer. Bakgrunnen er at utvalet legg opp til at ordninga skal vurderast på nytt om 15 år. Norges Fiskarlag vurderer elles ei omlegging av pensjonstrygda for fiskarar.

*Departementet foreslår at yrkesgrupper innan offshore etter dispensasjon kan få gå ut av pensjonstrygda med framtidig verknad. Dei som blir unntatt, kan få rekna med tenestetid i andre pensjonsordningar for å nå opp til minstekravet på 150 månader for å få alderspensjon frå pensjonstrygda.*

Overgangsregelen blir regulert i § 4 nr. 1 andre ledd bokstav b, der det òg blir bestemt at styret kan gi nærmare reglar. Det blir vist til lovforslaget § 2 nr. 3 og § 4 nr. 1 andre ledd bokstav b.

#### **8.4 Iverksetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar**

---

Departementet foreslår at endringa trer i kraft 1. januar 2001.

Dei som etter forslaget kan få gå ut av pensjonstrygda, står for om lag 10 prosent av inntektene. Det inneber at inntektene til pensjonstrygda kan bli redusert med opptil 40 mill. kroner i året. Totalt sett kan kontantverdien utgjere 800 mill. kroner i mindre inntekter. Det må likevel takast omsyn til mindre forpliktingar for pensjonstrygda i framtida. Totalt sett kan pensjonsordninga få ein svekt økonomi med om lag 400 mill. kroner i kontantverdi.

Totalt sett vil ei slik endring ikkje ha noko særlege administrative konsekvensar. På sikt blir det noko mindre arbeid.



## 9 Finansiering av tillegget og kompensasjon for mindre inntekter ved at yrkesgrupper innan offshore kan bli unntatt frå pensjonstrygda. Fornyingar og forenklingar

### 9.1 Innleiing

---

Sjømannspensjonsutvalet foreslår at eit tillegg til sjømannspensjonen blir finansiert gjennom omfordelingstiltak. Ei slik omfordeling inneber at sjømenn som er i yrket fram til pensjonsalderen, blir prioritert i forhold til personar som har vore sjømenn i kortare eller lengre tid, men som har slutta som sjømenn før pensjonsalderen.

Det blir dessutan reist spørsmål om å nytte grunnfondet på 186 mill. kroner for å finansiere tillegget.

Omfordelingstiltaka som blir omtalt av utvalet, blei tidlegare foreslått i Ot.prp. nr. 59 (1995-96). Dei enkelte forslaga blei ikkje handsama av Stortinget, som i staden gjorde vedtak om ei utgreiing av pensjonsordninga for sjømenn.

I høyringsrunden er det noko delte meiningar om kva for tiltak ein bør nytte for å finansiere tillegget. Sjømannsorganisasjonane ønskjer primært å nytte grunnfondet, medan reiarlaga ønskjer å gjennomføre fleire av dei tiltaka som utvalet tek opp for å forenkle ordninga. Dei ser eit stort behov for å forenkle ordninga.

Departementet har forståing for dette, og vil gå inn for at enkelte av dei forslaga som blei fremma i Ot.prp. nr. 59 (1995-96), blir vurdert nærmare.

Departementet foreslår at yrkesgrupper innan offshore kan bli unntatt frå pensjonsordninga gjennom dispensasjon frå departementet (punkt 8). Det blir derfor foreslått at innsparingane gjennom omfordelingstiltaka òg skal nyttast til å kompensere for desse mindreinntektene.

### 9.2 Omfordelingstiltak og forslag til forenklingar omtalt i NOU 1999:6

---

#### 9.2.1 Bakgrunn for omfordelingstiltaka

Utvalet presenterer i innstillinga ( NOU s 81 flg.) ei liste over tiltak som kan nyttast i ei omfordeling. Utvalet legg til grunn at alle tiltaka kan bli vedtekne av Stortinget gjennom lovendringar, utan å komme i strid med reglane i Grunnloven § 97 om at ingen lov må gis verknad tilbake i tid.

Dei fleste av forslaga har som nemnd tidlegare vore fremma i Ot.prp. nr. 59 (1995-96). Forslaga førte den gang til innvendingar frå sjømannsorganisasjonane. Bakgrunnen for forslaga var *å minske utgiftene* på grunn av den vanskelege økonomiske situasjonen i pensjonstrygda for sjømenn. Fleire av tiltaka ville elles innebere forenklingar av eit regelverk som er komplisert og arbeidskrevjande å administrere. Når utvalet foreslår mange av dei samme til-

taka, er det stort sett meininga å nytte innsparingane til å *auke pensjonane* for dei som etter utvalet si meining treng det mest. I innstillinga blir det sagt mellom anna:

«Når utvalget nå drøfter visse endringer i regelverket for den gjeldende pensjonsordningen, er problemstillingen således en annen enn i Ot prp nr 59 (1995-96). Midler som frigjøres foreslås nå benyttet til å øke pensjonene til personer som har seilt fram til pensjonsalderen, og som skal leve av pensjonen. Bakgrunnen for en slik tilnærming er å finne i utvalgets mandat der det heter at statsgarantien ikke skal utvides.»

### 9.2.2 Moglege omfordelingstiltak og forenklingar omtalt av utvalet

Av moglege forhold i dagens ordning det kan vere naturleg å sjå nærmare på, nemner utvalet:

- Oppheving av ordninga med å yte pensjon for tid det ikkje er betalt avgift for; I dagens ordning blir det tent opp pensjonsgjevande fartstid i fleire tilfelle sjølv om det ikkje blir betalt avgift for denne tida. Dette gjeld f. eks. under avtening av verneplikta. Kontantverdien av samla innsparingar kan truleg bli om lag 1 milliard kroner.
- Avgrensing av høvet til å legge sammen fartstid med tenestetid i andre pensjonsordningar for å få rett til pensjon. Innsparingane utgjer om lag 90 mill. kroner i kontantverdi.
- Oppheving av ordninga med å legge sammen fartstid med tenestetid på skip som ikkje gir pensjonsrett. Innsparinga er på 20 mill. kroner i kontantverdi.
- Avvikling av overgangsordninga med å yte fastlåste låge pensjonar. Reduserte utgifter er rekna å utgjere om lag 205 mill. kroner i kontantverdi.
- Oppheving av ordninga med barnetillegg. Kontantverdien av reduserte utgifter er om lag 40 mill. kroner.
- Avgrensing av ordninga med tilbakebetaling av pensjonsavgift. Reduserte utgifter ved å halvere utbetalingane er om lag 315 mill. kroner i kontantverdi.

Dei samla reduksjonane i utgiftene av alle tiltaka blir av utvalet utrekna til å utgjere 1,7 milliardar kroner i kontantverdi per 1. januar 2000.

Utvalet nemner ytterlegare nokre tiltak som er meint å forenkle administreringa av ordninga. Dette gjeld bl. a. oppheving av ei særordning for personar som utdannar seg til maskinist, og oppheving/avgrensing av retten til å ta ut redusert pensjon før pensjonsalderen. I tillegg vil det innebere administrative innsparingar ved ei eventuell gjennomføring av omfordelingstiltaka som er foreslått.

Utvalet peiker elles på at ein dessutan kan nytte trygda sitt grunnfond på 186 millionar kroner til å finansiere eit tillegg. Det blir peika på at dersom grunnfondet blir nytta, vil dette redusere trygda sine finansinntekter framover.

Eitt utvalsmedlem (representanten for Det norske maskinistforbund) har i ein særmerknad foreslått at finansieringa av tillegg til pensjonane blir staten sitt ansvar utover bruk av grunnfondet. To andre utvalsmedlemer (representantane for Norsk Sjømannsforbund og Norsk Sjøoffisersforbund) uttaler i ein særmerknad at grunnfondet bør nyttast som finansieringskjelde for tillegg.

### 9.3 Høyring

---

Høyringsinstansane går ikkje detaljert inn på dei enkelte omfordelingstiltaka, men nokre har enkelte synspunkt på kva for tiltak ein bør nytte for å finansiere eit tillegg.

*Sjømannsorganisasjonane* krev primært at tillegget blir innført utan at pensjonsytingane blir reduserte for andre grupper sjømannspensjonistar. Dei meiner at grunnfondet må vere tilstrekkeleg som finansieringskjelde.

*Norsk Olje- og Petrokjemisk Fagforbund* går prinsipielt imot alle omfordelingstiltak som fjernar rettar dagens medlemmer allereie har, eller rettar dei er lovt å få.

*Norges Rederiforbund* seier bl. a. i sin merknad:

«Etter vårt syn er alle de forslag som er fremmet meget nøkterne og godt begrunnede. Vi kan ikke se at de er urimelig eller på noen måte berører velervervede rettigheter som har krav på særlig beskyttelse. Samtlige forslag bør derfor gjennomføres. Vi er også meget positive til at de tiltak som foreslås, vil medvirke til en forenkling av Pensjonstrygdens saksbehandling. Dette vil også gi nyttige innsparinger. På dette punkt finner vi imidlertid at utredningen er noe knapp, og vi hadde gjerne sette en bredere analyse av muligheter her.»

*Rederienes Landsforening* seier at dei har motførestellingar mot å nytte grunnfondet, men at fordelane veg opp for desse. Dei foreslår derfor at grunnfondet blir avvikla for å finansiere tillegget. Ved å nytte grunnfondet meiner dei behovet for å gjere omfordelingar blir sterkt redusert, og at ein unngår den strid ei slik omfordeling ville kunne skape. Dei går òg inn for at ein avviklar overgangsordninga med fastlåste låge pensjonar for fartstid før 1. januar 1967, og at ein opphever ordninga med å godskrive pensjonsgjevande fartstid under avtening av verneplikta utan at det blir betalt avgift for denne tida.

*Pensjonstrygda for sjømenn ved styret* seier bl. a. i sin merknad:

«Styret er innstilt på at det innenfor gjeldende ordning foretas en del omfordelingstiltak slik utvalget har skissert for å kunne finansiere bedre ytelser for sjømenn med lang fartstid. Samtidig bør det foretas endringer i pensjonstrygdloven som kan gjøre ordningen mer oversiktlig og lettere å administrere. Dette kan lette overgang til en annen pensjonsmodell.»

*Rikstrygdeverket* meiner det er høveleg med ein gjennomgang av reglane for å få til eit enklare regelverk som bl. a. kan gi administrative innsparingar.

### 9.4 Departementets vurdering og forslag - omfordeling og forenkling

---

#### 9.4.1 Innleiing

*Departementet* meiner kostnadene ved å innføre eit tillegg til sjømannspensjonen bør finansierast innanfor dagens utgiftsramme og statsgaranti. Det vil seie at det må finnast midlar til å finansiere tillegget gjennom ei omfordeling. Ei slik omfordeling inneber at ein prioriterer ytingar til sjømenn som seglar til pensjonsalderen, framfor dei som har vore i sjømannsyrket ein periode, men

sluttar før pensjonsalderen. Ein må òg finne kompensasjon for mindreinntekter ved å unnta yrkesgrupper innan offshore frå pensjonstrygda.

Blant dei som seglar til pensjonsalderen, er det mange som vil ha lite utover sjømannspensjonen å leve av; ei yting som for mange vil utgjere om lag 45 prosent av inntekta til sjøs. Departementet meiner derfor det er rimeleg at denne gruppa blir prioritert, gjennom omfordelingar som skaper grunnlag for å finansiere eit inntektsavhengig tillegg til pensjonen.

Departementet har forståing for at Sjømannspensjonsutvalet går inn for ei slik omfordeling. Departementet viser til at dei tiltaka som no blir fremma, er av mindre betydning enn dei omfattande tiltaka som blei fremma i Ot. prp. nr. 59 (1995-96), og som ikkje blei vedtekne av Stortinget. Dei samla tiltaka hadde den gang ein kontantverdi på 2,2 milliardar kroner og skulle gi betre balanse mellom pensjonstrygda sine inntekter og utgifter. Dei tiltaka som no blir fremma, har ein kontantverdi på om lag 700 millionar kroner og skal nyttast til å forbetre og forenkle ordninga.

Departementet vil ikkje foreslå *avvikling av grunnfondet*, slik utvalet og enkelte av høringsinstansane peikar på. Ei avvikling av grunnfondet vil redusere dei framtidige finansinntektene (avkastning) til pensjonstrygda. Grunnfondet blei dessutan sett av til ei fast og varig pensjonsordning for sjøfolk, og har stått urørt sidan pensjonstrygda blei oppretta.

## 9.4.2 Godskriving av tid det ikkje er betalt avgift for

### 9.4.2.1 Vernepliktstid - lov om pensjonstrygd for sjømenn § 3 nr. 1 bokstav a

*Departementet foreslår å avgrense ordninga med å godskrive pensjonsgjevande fartstid under vernepliktstenesta.* Dette er tidsrom det i dag kan bli tent opp pensjonsgjevande fartstid for, sjølv om det ikkje blir betalt pensjonsavgift for perioden (§ 3 nr. 1 bokstav a).

Den perioden ein avtener verneplikta blir rekna som pensjonsgjevande fartstid når han tar til innan seks månader etter utløpet av pensjonsgjevande fartstid eller maritim skolegang. Tar perioden til seinare, kan han reknast med dersom særlege grunnar gjer det rimeleg. Regelen gjeld for alle våpenartar og for sivil tenesteplikt. Det er ikkje stilt noko minstekrav til fartstid før eller etter vernepliktstenesta, eller til total fartstid.

Det er ofte vanskeleg å skaffe fram dokumentasjon for vernepliktstid. Bakgrunnen er at denne perioden ikkje er registrert i noko sjømannsregister. Sakshandsaminga er i alle tilfelle ressurskrevjande.

Departementet meiner at det ikkje utan vidare er naturleg å ta omsyn til vernepliktstid i ei pensjonsordning som er basert på at det blir gitt pensjon for avgiftspliktig fartstid. Ordninga med slik «gratis» godskriving av tenestetid kjem særleg personar som sluttar tidleg som sjømenn til gode, fordi dei som er yrkessjømenn fram til pensjonsalderen, vil oppnå full tenestetid uavhengig av vernepliktstida. I ei omfordeling der «livsvarige sjømenn» blir prioritert, er derfor dette etter departementet si oppfatning eit høveleg omfordelingstiltak.

Departementet legg dessutan vekt på at praktiseringa av regelen er arbeidskrevjande, fordi det ofte er vanskeleg å skaffe dokumentasjon for vernepliktsteneste som ligg mange år tilbake.

Ei endring vil gjelde personar som ikkje har tent opp pensjon fullt ut ved ordinær teneste til sjøs. Vernepliktstida har variert mellom 12 og 18 månader.

*Departementet foreslår at det i ei overgangstid blir gitt høve til å rekne med slik tid for å komme opp i minstekravet for å få rett til pensjon (150 farts måneder). Dette gjeld for dei som har avtent vernepliktstenesta før 1981. Dette årstallet er sett for å avgrense overgangsordninga i tid. Endringa vil da føre til at ein kan behalde sjølve retten til pensjon som forutsett. Enkelte utan full opptening får noko mindre i pensjon som følgje av at vernepliktstenesta ikkje lenger blir medrekna som pensjonsgjevande fartsstid. Dette blir presisert av informasjonsomsyn i § 4 nr. 1 tredje ledd.*

Departementet foreslår at § 3 nr. 1 bokstav a blir oppheva, og at overgangsordninga blir regulert i § 4 nr. 1 andre ledd bokstav c. Det blir vist til lovforslaget.

Det blir foreslått at endringa trer i kraft 1. januar 2001.

Kontantverdien per 1. januar 2000 av reduserte pensjonsutgifter ved å avgrense ordninga med godskriving av vernepliktsteneste som oppteningstid, kan setjast til om lag 300-400 mill. kroner. Endringa vil gjere pensjonsordninga lettare å administrere.

#### *9.4.2.2 Fartstid det ikkje er betalt avgift for - endringslov 11. juni 1993 nr. 104 avsnitt IV*

Ved lov 11. juni 1993 nr. 104 blei det i lov om pensjonstrygd for sjømenn § 3 nr. 1 første punktum presisert at berre fartstid som det er betalt avgift for, skal reknast som pensjonsgjevande fartstid. Samstundes fekk styret i Pensjonstrygda for sjømenn heimel til å godskrive fartstid som det ikkje er betalt avgift for, når særlege grunnar gjer det rimeleg.

I Ot.prp nr. 64 (1992-93) blei det foreslått at endringa skulle gis verknad for alle krav som pensjonstrygda mottok etter 1. juli 1993. Styret skulle nytte ein liberal dispensasjonspraksis for krav dei mottok om fartstid før denne dato. Under handsaminga i Stortinget blei det bestemt at kravet om innbetaling av avgift berre skulle gjelde for fartstid etter at lova blei sett i verk, 1. juli 1993. Dette inneber at all fartstid, med eller utan avgiftsbetaling, før denne datoen må reknast med som pensjonsgjevande fartstid.

I Ot.prp nr. 59 (1995-96) foreslo departementet igjen at kravet om at det må vere betalt avgift for den fartstida som skal reknast som pensjonsgjevande, skulle gis verknad for all fartstid etter 1. juli 1949. Det blei med andre ord foreslått at reglane om verknadstidspunkt, avgrensa til fartstid etter 1. juli 1993 i endringslov 11. juni 1993 nr. 104, skulle endrast. Forslaget gjaldt såleis all avgiftspliktig fartstid det ikkje er betalt avgift for, men berre for nye pensjonstilfelle, sjå proposisjonen side 9. Forslaget blei som nemnd ikkje handsama av Stortinget. Etter ønske frå styret i Pensjonstrygda for sjømenn tar departementet nå saka opp på nytt.

Lova sitt system har alltid lagt til grunn at det for teneste om bord må vere betalt inn avgift for at det skal gis rett til pensjon. Dersom det skal bli godskrive fartstid det ikkje er betalt inn avgift for, kan trygda måtte betale ut store pensjonsbeløp for perioden før 1. juli 1993 utan at motytingar er betalt inn.

Årsaka til at avgift ikkje er betalt inn, kan vere at det er uklart om ein har plikt til det. Det er funne at det i ei tid ikkje blei betalt pensjonsavgift for visse arbeidstakarar tilsett hos underentreprenørar (biarbeidsgjevarar) i petroleumsverksemda (til dømes cateringpersonell). Det samme gjeld arbeidstaka-

rar på flytande innretningar som i si tid ikkje blei sett på som «skip» etter petroleumsløva. Elles har manglande avgiftsbetaling hendt for fartøy i innanriks fart, inkludert i fiske og fangst, kor det ikkje var mønstringsplikt.

Styret i Pensjonstrygda for sjømenn meiner det ikkje er rimeleg at arbeidstakarar og reiarar i dag skal finansiere slik «gratistid» gjennom si avgiftsbetaling. Opparbeidde pensjonsrettar bør elles ikkje bli reduserte med verknad tilbake i tid.

I dette tilfellet dreier det seg om rettार som ikkje er opparbeidde, fordi det ikkje er betalt inn avgift. Dei dette gjeld kan dessutan neppe ha noko forventning om å få pensjon for slik fartstid. Kravet om at lovbestemt avgift må vere innbetalt, bør derfor gjelde all fartstid etter 1. juli 1949, ikkje berre for fartstid etter 1. juli 1993.

Departementet legg òg vesentleg vekt på den administrative forenklinga endringa inneber, og at styret i pensjonstrygda har bedt om ei slik endring, seinast i brev av 27. august 1999.

*Departementet vil såleis foreslå at for krav framsett etter 1. januar 2001 må det vere betalt avgift for all trygdepliktig fartstid etter 30. juni 1949, for at fartstida skal reknast som pensjonsgjevande.*

Etter sin ordlyd gjeld § 3 nr. 1 første punktum også i dag all fartstid, uansett når fartstida har funne stad. Departementet foreslår derfor at reglane om verknadstidspunkt i endringslov 11. juni 1993 nr. 104 avsnitt IV, blir endra. Regelen som seier at endringa trer i kraft 1. juli 1993, avgrensa til fartstid etter denne dato, blir foreslått endra til fartstid etter 30. juni 1949. Forslaget gjeld såleis all trygdepliktig fartstid det ikkje er betalt avgift for, men berre for nye tilfelle.

Det blir vist til lovforslaget del III om endring i lov 11. juni 1993 nr. 104 om endringar i lov 17. juni 1966 nr. 12 om folketrygd og i visse andre lover avsnitt IV femte ledd.

Departementet foreslår at endringa trer i kraft 1. januar 2001.

Reduserte utgifter til pensjon vil etter forsiktige overslag auke frå om lag 1 mill. kroner i år 2000 til om lag 7 mill. kroner i 2009-11, for deretter å minke til dei utgjør om lag 0,5 mill. kroner i 2020. Kontantverdien per 1. januar 2000 av dei reduserte pensjonsutgiftene er rekna til 90 mill. kroner. Endringa vil gjere sakshandsaminga i pensjonstrygda enklare.

#### 9.4.2.3 Forenkla godskriving av tidlegare tid med feriegodtgjering og fritidskompensasjon - lov om pensjonstrygd for sjømenn § 3 nr. 1 bokstav c

*Departementet meiner at ordninga med å få medrekna tidlegare periodar med sjuketid og tidsrom under ferie og avspasering av fridagar mv. som pensjonsgjevande fartstid, må halde fram (§ 3 nr. 1 bokstav c, jf. § 1 nr. 3). Dette er tidsrom som har ein særleg tilknytning til yrket som sjømann.*

Det kan vere vanskeleg å dokumentere tid med feriegodtgjering og fritidskompensasjon før 1. oktober 1975, som det ikkje er betalt avgift for. *Departementet vil derfor foreslå at styret i pensjonstrygda kan gi reglar om forenkla utrekning for slik tid.*

Departementet viser til lovforslaget § 3 nr. 1 andre ledd.

Det blir foreslått at endringa trer i kraft 1. januar 2001.

Endringa vil ikkje føre til høgare pensjonsutgifter, men ein forenkla administrasjon.

#### 9.4.2.4 *Særordninga for personar under utdanning til maskinist - lov om pensjonstrygd for sjømenn § 3 nr. 1 bokstav b*

Ordninga inneber at det kan godskrivas pensjonsgjevande fartstid for tidsrom der ein utdannar seg til maskinist ved verkstad/aspirantkurs, dersom det blir innbetalt arbeidstakaravgift.

Regelen blir praktisert slik at avgifta må bli innbetalt i samband med tida på verkstad/aspirantkurs (med høve for ei viss utsetjing). Det har ikkje vore innbetalt avgift i samband med tenesta på ei årrekke. I ei viss utstrekning blir det søkt om å få innbetale avgift for verkstادتid mange år tilbake i samband med krav om pensjon. Ordninga skaper såleis ei forventning om betre pensjonsutbetalingar, og gir meirarbeid for Pensjonstrygda for sjømenn, blant anna med ankesaker til Trygderetten.

*Departementet foreslår at § 3 nr. 1 bokstav b blir oppheva.*

Det blir foreslått at endringa trer i kraft 1. januar 2001.

Endringa vil ikkje ha økonomiske konsekvensar, men ho vil føre til ei administrativ forenkling.

#### 9.4.3 **Låge pensjonar etter fastlåste satsar for fartstid før 1967 - lov om pensjonstrygd for sjømenn § 5 nr. 1 bokstav b m. fl.**

*Departementet foreslår å avvike overgangsordninga med å yte fastlåste låge pensjonar for fartstid før 1. januar 1967.* Ordninga gjeld i det vesentlege alderspensjonar etter fylte 67 år, alderspensjonar til den som har uførepensjon mv. frå folketrygda/avtalefesta pensjon og enkepensjonar (§ 5 nr. 1 bokstav b og § 7 første ledd).

Folketrygda gir i dag kompensasjon for tid før 1967 gjennom reglane om overkompensasjon for personar født før 1937 (folketrygdlova § 3-9).

Fordi det dreier seg om fartstid som er tent opp før 1. januar 1967, blir det gitt stadig færre nye pensjonar etter fastlåste satsar, og dei blir dessutan mindre og mindre. Stadig fleire av dei nye pensjonane blir løyst ut med eit enkeltbeløp, fordi pensjonane per år utgjer mindre enn fire prosent av grunnbeløpet i folketrygda.

Ytingane vil for nye tilfelle ikkje bidra vesentleg til livsopphaldet. For eksempel vil ein sjømann som fyller 60 år i 2000, maksimalt kunne oppnå ein pensjon etter overgangsordninga på 204 kroner per måned (med fartstid som underordna), dersom han kan bli godskrive samanhengande tid frå fylte 15 år til utgangen av 1966. Dette maksimumsbeløpet vil bli redusert med 17 kroner for kvart fødselsår etter 1940. Tilsvarande vil pensjonen for ei enke etter ein slik sjømann maksimalt kunne utgjere 55 kroner per måned. Pensjonen blir redusert med 5 kroner for kvart år sjømannen er født etter 1940.

Ei avviking av overgangsordninga med å yte små, fastlåste pensjonar vil frå først av gjelde for om lag 2 000 personar i året, men talet vil minke etter kvart som det er tent opp stadig mindre pensjonsgjevande fartstid før 1967.

*Departementet foreslår at overgangsordninga blir avvikla for nye pensjonstilfelle.*

Departementet viser til lovforslaget, § 5 nr. 1 og §§ 6, 7, 8, 13 og 15. Det blir foreslått ein overgangsregel i § 28, mellom anna held gjeldande reglar for enkepensjon fram når den avdøde hadde krigsfartstillegg. Reglane om kapitalutløsning er etter forslaget flytta til § 28 nr. 4.

Departementet foreslår at endringane trer i kraft 1. januar 2001.

Reduserte utgifter til pensjon vil vere om lag 9 mill. kroner i år 2001. Dei årlege reduksjonane i utgiftene vil auke til om lag 16 mill. kroner i 2006. Seinare vil dei minke, og utgjere mindre enn 1 mill. kroner i 2022, deretter 0. Dei reduserte utgiftene er rekna til om lag 200 mill. kroner i samla kontantverdi per 1. januar 2000. Det vil gi administrative innsparingar å avvikle overgangsordninga.

#### **9.4.4 Ordningane med å legge sammen tenestetid for rett til pensjon**

For å få rett til pensjon frå pensjonstrygda for sjømenn, er det et vilkår at vedkommande sjømann har vore medlem av pensjonsordninga i ei viss minstetid. Etter lov om pensjonstrygd for sjømenn § 4 nr. 1 første ledd blir det som hovudregel berre gitt alderspensjon til arbeidstakarar med meir enn 150 pensjonsgjevande farts månader.

##### *9.4.4.1 Ordninga med å legge sammen tenestetid i pensjonsordningar for å få rett til pensjon - lov om samordning av pensjons- og trygdeytelser § 6*

Pensjonstrygda for sjømenn er omfatta av lov om samordning av pensjons- og trygdeytelser, jf. denne lova § 1. Ein sjømann som har færre enn 150 pensjonsgjevande farts månader, kan likevel få rett til pensjon dersom han har minst 36 farts månader, og i tillegg tenestetid i ei anna samordningspliktig tenestepensjonsordning som er så lang at samla tenestetid blir minst 150 månader. Dette følgjer av samordningslova § 6.

*Departementet foreslår at denne ordninga med å legge sammen tenestetid blir oppheva.*

Ein kan først legge sammen tenestetid frå det tidspunktet pensjonsalderen er nådd i begge ordningane.

Fordi pensjonen frå dei andre ordningane vanlegvis blir ytt frå langt høgare alder (67 år eller seinare) enn den som gjeld i pensjonstrygda for sjømenn, har ordninga med å legge sammen tenestetid lite å seie i praksis. Det vil i tilfelle vere snakk om små pensjonar som blir ytt etter overgangsordninga. Er det på førehand utbetalt eit enkeltbeløp i tilbakebetaling av pensjonsavgift, skal dette gå til frådrag. Dersom pensjonsalderen i ei anna ordning er låg (særaldersgrense), vil sammenlegging kunne skje før 67 år (i nokre tilfelle allereie frå 60 år). Både i desse og i andre tilfelle vil heile eller delar av sjømannspensjonen ofte gå til frådrag i den andre pensjonen.

*Departementet foreslår, i samsvar med NOU 1999:6, at ordninga held fram mellom Pensjonstrygda for sjømenn og Pensjonstrygda for fiskarar, og med eit visst høve til å ta omsyn til anna tenestetid på skip. Kravet til oppteningstid for å kunne yte pensjon ved å legge sammen tenestetid, blir foreslått sett ned til 12*



*månader.* I begge dei nemnde pensjonstrygdene skjer oppteninga av tenestetid på fartøy, og begge er førtidspensjonsordningar til folketrygda frå 60 år.

Det er truleg at forslaget vil gjelde om lag 30 sjømannspensjonistar per år, og det dreier seg stort sett om tenestetid som underordna. Tenestetida varierer frå 36 til 149 månader, og pensjonane varierer frå om lag 11 000 kroner til om lag 45 000 kroner per år. Dersom forslaget blir vedtatt, vil mange personar få auka tenestepensjon frå andre tenestepensjonsordningar med tilsvarende beløp.

Departementet viser til lovforslaget, samordningslova § 6 nytt tredje ledd og lov om pensjonstrygd for sjømenn § 4 nr. 1 andre ledd bokstav a.

Det blir foreslått at endringane trer i kraft 1. januar 2001.

Reduserte utgifter til pensjon blir utrekna til om lag 0,4 mill. kroner i år 2000, og aukar til om lag 4,5 mill. kroner når alle sju årskulla er fylt opp. Seinare vil dei reduserte utgiftene variere etter storleiken på årskulla. Kontantverdien per 1. januar 2000 av reduserte pensjonsutgifter er i alt rekna til 90 mill. kroner. Endringa vil føre til at pensjonsordninga blir enklare å administrere.

#### *9.4.4.2 Ordninga med å legge sammen pensjonsgjevande fartstid med tenestetid på skip som ikkje gir pensjonsrett - lov om pensjonstrygd for sjømenn § 4 nr. 1 andre ledd*

Ein sjømann som har færre enn 150 pensjonsgjevande fartsmånader, kan likevel få rett til pensjon dersom han har minst 75 pensjonsgjevande fartsmånader og i tillegg tenestemånader (ikkje pensjonsgjevande) på norske skip over 50, men under 100 bruttotonn. Det er krav om at summen av pensjonsgjevande fartsmånader og ikkje-pensjonsgjevande tenestemånader er minst 150 månader (§ 4 nr. 1 andre ledd).

*Departementet foreslår å oppheve ordninga med å få rett til pensjon ved å legge sammen med tenestetid på mindre skip.*

Det kan reisast tvil om gjeldande regel er rimeleg, fordi den fører til at nokon som har betalt avgift for få månader, oppnår pensjon, mens andre som har betalt for atskillig fleire månader, ikkje får pensjon fordi dei ikkje når opp i 150 månader. Tenestetida på dei mindre skipa finst ikkje i noko register, slik at saksbehandlinga kan være tidkrevjande på grunn av innhenting av opplysningar.

Forslaget vil anslagsvis gjelde tre personar per år. Pensjonsgjevande fartstid for denne gruppa tidlegare sjømenn er normalt tent opp i teneste som underordna, og varierer frå 75 til 149 pensjonsgjevande fartsmånader.

Departementet viser til lovforslaget § 4 nr. 1 andre ledd bokstav a.

Det blir foreslått at endringa trer i kraft 1. januar 2001.

Reduserte utgifter til pensjon ved å oppheve regelen er utrekna til om lag 0,1 mill. kroner i år 2000, aukande til om lag 1,0 mill. kroner når alle sju årskulla er fylt opp. Seinare vil dei reduserte utgiftene variere etter storleiken på årskulla. Innsparingane er rekna til 20 mill. kroner i kontantverdi per 1. januar år 2000. Endringa vil føre til visse forenklingar i saksbehandlinga.

#### **9.4.5 Retten til å ta ut redusert pensjon før pensjonsalderen - § 4 nr. 3 og § 5 nr. 4**

I dag er det høve til å ta ut ein redusert pensjon inntil fem år før pensjonsalderen dersom ein har slutta i pensjonsgjevande teneste og summen av alder og tenestetid er 80 år eller meir. Pensjonen blir da redusert med 0,7 prosent for kvar månad pensjonen blir gitt før pensjonsalderen.

For den enkelte som er utan arbeid, vil det vanlegvis vere meir gunstig med dagpengar under arbeidsløyse. Ordninga er derfor lite nytta, men fører til meirarbeid.

*Departementet foreslår at retten etter § 4 nr. 3 og § 5 nr. 4 til å ta ut redusert pensjon før pensjonsalderen blir oppheva.*

Det blir foreslått at endringane trer i kraft 1. januar 2001.

Endringane vil ikkje ha økonomiske konsekvensar av noko vekt, men dei vil føre til ei administrativ forenkling.

#### **9.4.6 Oppsummering**

Samla kostnadsreduksjon kan reknast å utgjere om lag 700 mill. kroner i kontantverdi ved dei tiltaka som departementet foreslår. Innsparingane vil dekkje både meirutgifter til tillegget på 250 mill. kroner og mindreinntektene ved at yrkesgrupper innan offshore kan bli unntatt frå pensjonstrygda (om lag 400 mill. kroner).

Tiltaka vil også medføre administrative forenklingar for pensjonstrygda.

Departementet viser også til at kostnadene ved tillegget som foreslått etter § 6 er noko usikre, bl. a. er dei baserte på at talet på sjømenn som held fram i yrket fram til pensjonsalderen - og dermed vil få rett til tillegget - vil bli som i dag. Dette kan forandre seg, bl. a. kan innføringa av eit tillegg skape incitament til at fleire vel å fortsette i sjømannsyirket fram til pensjonsalderen. Dessutan er innsparingane ved omfordelingstiltaka noko usikre, f. eks. foreslår departementet at vernepliktstid framleis kan medreknast for å komme opp i minstekravet for rett til pensjon, noko som vil gi ei mindre innsparing enn utvalet la til grunn.

Det er ein føresetnad at dei aktuelle endringane - tillegget etter § 6 og mindreinntektene ved at nokre yrkesgrupper kan unntas frå pensjonstrygda - ikkje svekker økonomien i trygda ytterlegare. Når endringane blir sikra gjennom omfordeling som foreslått, vil òg tillegget falle innanfor staten sin garanti.

Det blir foreslått som nemnd ovanfor, at endringane trer i kraft med verkning frå 1. januar 2001.

## 10 Forholdet mellom sjømannspensjon og pensjon frå folketrygda

### 10.1 Bakgrunn

---

Ved overgang til alderspensjon frå folketrygda, kan sjømannspensjonistar med fartstid før 1967 få eit *overgangstillegg* når summen av alderspensjon frå Pensjonstrygda for sjømenn etter 67 år (dvs. låg fastlåst pensjon) og alderspensjon frå folketrygda, er mindre enn alderspensjonen frå Pensjonstrygda for sjømenn var før fylte 67 år (lov om pensjonstrygd for sjømenn § 48 nr. 1). Tillegget utgjer beløpsforskjellen.

Dersom ein får uførepensjon mv. frå folketrygda, og sjømannspensjonen og uførepensjonen er mindre enn om vedkomande berre hadde hatt sjømannspensjon, blir det gitt eit overgangstillegg som utgjer beløpsforskjellen (§ 48 nr. 2).

Sjømannspensjonsutvalet tek opp spørsmål om sjømannspensjonistane dessutan bør få godskrive pensjonspoeng i folketrygda for åra dei får sjømannspensjon fram til fylte 67 år. Bakgrunnen for at spørsmålet er reist, er at personar som går av med pensjon før fylte 67 år, vil kunne få ein lågare alderspensjon frå folketrygda frå fylte 67 år enn dei som held fram i arbeid fram til denne alderen.

Fleirtalet i utvalet, representantane frå næringa og representanten frå Pensjonstrygda for sjømenn, har ein felles særmerknad der det heiter:

«..... Poengopptjening i folketrygden for pensjonister innanfor pensjonstrygden for sjømenn, må også innføres. En løsning for å skape rettferdighet med tanke på poengopptjening i folketrygden kan være at sjømannspensjonister når de blir alderspensjonister, får en pensjon beregnet ut fra inntil 7 år mer enn de faktisk har opptjent pensjonsgivende inntekt. Grunnlaget for beregningen kan f eks være et gjennomsnitt av pensjonsgivende inntekt opptjent de siste tre år som yrkesaktiv.»

Forholdet har mest å seie i oppbyggingsfasen til folketrygda (1967-2007). Frå år 2007 og seinare vil dei fleste sjøfolka kunne ha tent opp full oppteningstid i folketrygda.

### 10.2 Høyring

---

Arbeidstakarorganisasjonane uttaler òg i høyringsrunden at dei ønskjer at sjømannspensjonistane skal kunne tene opp pensjonspoeng i folketrygda, slik ordninga er i avtalefesta pensjon (AFP).

Sjømannsorganisasjonane uttaler at opptening av pensjonspoeng kan bli sett på som staten sitt bidrag ved tariffoppgjera dei seinare åra. «Også sjømenene har vært med på de kollektivt fornuftige oppgjørene, og avstått lønnstillegg, men da uten å få pensjon og poengopptjening i folketrygden på linje med andre grupper», heiter det i høyringsmerknaden.

*Norsk Olje- og Petrokjemisk Fagforbundskriv at*

«for at arbeidstakerne skal ha en reell mulighet til å kunne pensjonere seg når de er 60 år, bør de ...sikres rett til opptjening i folketrygden også for årene fra 60-67 år, slik ordningen gjelder for dagens AFP-pensjonister. Ellers vil for manges vedkommende et uttak av førtids alderspensjon i årene 60-67 år medføre vesentlig lavere pensjon etter 67 år. Sjøfolkenes rett til pensjon blir dermed illusorisk.»

Rikstrygdeverket uttaler at drøfting av dette spørsmålet må bli sett i lys av den diskusjonen og dei framlegga som blir gjort etter NOU 1998:19 Fleksibel pensjonering, der det er forslag om endring av reglane for utrekning av framtidige pensjonspoeng for AFP.

### 10.3 Departementet si vurdering

---

Hovudprinsippet i folketrygda er at poengtal blir tent opp ved inntektsgivande arbeid. Frå 1992 blir det dessutan gitt pensjonspoeng for omsorgsarbeid (omsorgspoeng).

Bortsett frå dei som får omsorgspoeng, er det i dag berre uførepensjonistar i folketrygda og AFP-pensjonistar som får rekna med og godskrive «antatte framtidige» pensjonspoeng i folketrygda i pensjonstida, utan samstundes å ha arbeidsinntekt. Departementet finn det vanskeleg å utvide ordninga til nye grupper.

Tenestepensjonsordningar i offentleg og privat sektor med særaldersgrenser, ordningane med vartpenngar og ventelønn, og pensjonstrygdene for sjømenn, fiskarar og skogsarbeidarar gir ikkje rett til opptening av pensjonspoeng.

AFP-pensjonistar får poengopptening mellom anna fordi dei har samme reglane for utrekning av pensjon som uførepensjonistar i folketrygda. I offentleg sektor gjeld denne ordninga berre fram til 65 år, slik at det berre er før fylte 65 år at det blir gitt poeng.

Departementet viser til at arbeidstakarrepresentantane verken i Sjømannspensjonsutvalet eller i høyringsrunden går inn for ei AFP-liknande ordning for sjømenn. Det kjem vesentleg av at ei AFP-ordning på mange måtar er ei mindre gunstig pensjonsordning enn sjømannspensjonen. Det er mellom anna strengare reglar om inntektsprøving i ei AFP-ordning, og det blir ikkje tent opp rettar. Tilknytninga til folketrygdsystemet gjer dessutan at gifte får noko lågare pensjon enn einslege. Det er etter departementet si vurdering ikkje rimeleg at sjømannspensjonistar skal få enkelte fordelaktige element ved denne ordninga, som dei elles ikkje ønskjer å gå over til.

I Nasjonalbudsjettet 2000 blir det varsla at ordninga med opptening av pensjonspoeng for AFP-pensjonistar blir vurdert avvikla frå 2007 ut frå omsyn til likebehandling av førtidspensjonsordningar. Det kan i så fall innebere at ordninga blir fasa ut frå 2002.

Frå 2007 vil dei fleste sjøfolk kunne ha 40 poengår i folketrygda. Mange av sjømannspensjonistane har òg arbeidsinntekt over folketrygda sitt grunnbeløp, slik at dei tener opp pensjonspoeng.

For sjøfolk med fartstid før 1967, gir pensjonsordninga for sjømenn som nemnd i dag eit livsvarig overgangstillegg dersom alderspensjonen frå folketrygda er lågare enn sjømannspensjonen.

*Departementet vil på denne bakgrunn ikkje foreslå at sjømannspensjonistar skal få høve til å godskrive pensjonspoeng i folketrygda frå fylte 62 til fylte 67 år utan å ha arbeidsinntekt.*

#### **10.4 Overgangstillegg - lov om pensjonstrygd for sjømenn § 48**

---

Ved overgang til alderspensjon frå folketrygda, kan sjømannspensjonistar med fartstid før 1967 få eit overgangstillegg frå pensjonstrygda for å hindre at pensjonen går ned, sjå ovanfor punkt 10.1. Overgangstillegget har blitt mindre viktig etter kvart som yngre årskull tener opp stadig større pensjonar frå folketrygda. Departementet går likevel inn for å behalde ordninga med overgangstillegg.

*Departementet foreslår at regelen om overgangstillegg etter fylte 67 år ikkje skal gjelde for det nye tillegget som blir foreslått i ny § 6, sjå proposisjonen punkt 7. I motsett fall ville tillegget i § 6 bli livsvarig for nokon, og det stemmer ikkje med intensjonane bak dette tillegget.*

*Departementet foreslår elles at tillegget i ny § 6 skal takast med ved samanlikninga når det gjeld regelen som skal syte for at ein sjømannspensjonist ikkje går ned i yting dersom vedkomande får uførepensjon frå folketrygda. Det blir vist til lovforslaget ny § 29.*

Departementet foreslår at lovendringa trer i kraft 1. januar 2001. Endringa har ikkje økonomiske eller administrative konsekvensar.

## 11 Tilbakekreving etter feilutbetaling mv. - lov om pensjonstrygd for sjømenn § 24 m. fl.

### 11.1 Tilbakekreving og avrekning

---

Etter lov om pensjonstrygd for sjømenn § 24 kan styret i Pensjonstrygda mellom anna avslå pensjonskrav og halde pensjonen tilbake dersom det er gitt urette opplysningar ved svik. Elles kan trygda krevje tilbake pensjon som er utbetalt for mykje ved trekk i pensjonen.

Departementet finn at det er nødvendig med nye reglar som gir heimel for å krevje tilbake for mykje utbetalt sjømannspensjon. Dette er særleg viktig no som det er forslag om å innføre eit tillegg til pensjonistar som ikkje har inntekt over to ganger grunnbeløpet i folketrygda, sjå punkt 7.

I dei seinare åra har fleire pensjonsordningar utanfor folketrygda enten revidert reglane om tilbakekreving av for mykje utbetalt yting etter mønster av reglane i folketrygdlova, eller det ligg føre forslag om å gjere dette. Til dømes er det i Ot.prp. nr. 94 for 1998-99, som er til handsaming i Stortinget, forslag om å gi reglar om tilbakekreving i lov om Statens Pensjonskasse etter døme frå reglane i folketrygdlova.

Departementet finn det tenleg at det også blir gitt reglar i lova om pensjonstrygd for sjømenn som svarar til reglane i folketrygdlova på dette området.

*Departementet foreslår at ein tek inn generelle reglar om tilbakekreving i lov om pensjonstrygd for sjømenn § 24 nr. 1 og nr. 2. Elles blir det foreslått å ta inn reglar i § 24 nr. 3 om avrekning ved trekk i framtidig yting, slik det er i folketrygda for ytingar som er avhengige av inntekt.*

Forslaget til § 24 nr. 1 og 2 om generelle reglar om tilbakekreving av for mykje utbetalt yting, er laga etter mønster frå folketrygdlova § 22-15. Reglane i nr. 1 vil dekke tilfelle der pensjonisten kan klandrast. Dette gjeld når:

- Mottakaren har sjølv framkalla feilutbetalinga medvete eller ved grov aktløyse, eller feilen er så klar at ein må føresette at han visste om den.
- Mottakaren sjølv eller nokon som handlar på vegne av mottakaren, har framkalla feilutbetalinga ved aktløyse. Også å unnlate å gi opplysningar blir ramma.
- Pensjonsordninga har framkalla feilutbetalinga, men pensjonisten burde ha skjønt at utbetalinga var feil.

*I nr. 1 tredje og fjerde punktum foreslår departementet reglar for inndrivingsmåten av denne typen krav i samsvar med det som gjeld i folketrygda, det vil seie at krava kan drivast inn ved trekk i framtidige ytingar eller ved utlegg.*

Etter forslaget til § 24 nr. 2 vil det også elles kunne krevjast tilbake for mykje utbetalt yting i andre tilfelle når serlege grunnar gjer det rimeleg, men då avgrensa til det som er att av summen når feilutbetalinga blir kjent for mottakaren. Denne regelen svarer til ulovfesta reglar om attendesøking av pengekrav, og som for folketrygda sin del er tatt inn i lova.

Forslaget til § 24 nr. 3 er laga etter døme frå folketrygdlova § 22-16, som har reglar om ei avrekningsordning på objektivt grunnlag når ytingar som er avhengige av inntekt, er feil utbetalt. For slike ytingar kan det som er for mykje utbetalt, avreknast ved trekk i framtidige ytingar.

Tilbakekreving vil vere særleg aktuelt når ein person som ikkje er fylt 62 år, har fått utbetalt pensjon i strid med vilkåret om at tenesta til sjøs skal vere slutt, og likeins der det blir utbetalt eit tillegg til alderspensjonen etter den nye ordninga som ein foreslår å innføre, men der inntekta har blitt for høg. Departementet foreslår at det som er utbetalt for mykje i slike høve, skal kunne avreknast mot framtidig pensjon.

Departementet foreslår at det kan trekkjast opptil 20 prosent av månadspensjonen.

Ordninga med avrekning vil kunne nyttast også der vilkåra i dei generelle reglane om tilbakekreving i § 24 nr. 1 og nr. 2 er til stades. Pensjonsordninga vil da ha et val. Dersom det ikkje lenger finst nokon pensjon å avrekna beløpet i, vil ein i desse høva kunne krevje beløpet tilbake etter dei generelle reglane.

*I nr. 4 blir det foreslått at trekk etter nr. 1 og nr. 3 avbryt forelding etter lov 18. mai 1979 nr. 18 om forelding av fordringar, og at dersom slikt trekk opphører, varer verknaden av avbrote forelding i eitt år etter at trekket opphørte.* Dette er i samsvar med det som gjeld i folketrygda (folketrygdlova § 22-14 femte ledd).

Det blir vist til lovforslaget § 24.

## 11.2 Opplysningsplikt

---

Lov om pensjonstrygd for sjømenn har ikkje reglar der det blir presisert at den som krev eller mottek ytingar har ei plikt til å gi opplysningar til pensjonsordninga. Etter departementet sitt syn er det viktig at opplysningsplikta går fram av lova. Plikta vil mellom anna gjelde endringar i inntekt som gjer at retten til eit tillegg som blir nemnd ovanfor fell bort. Departementet viser til eksempel på reglar om opplysningsplikt i folketrygdlova § 21-3 første punktum og § 21-6 andre ledd.

*Departementet foreslår ein regel som presiserer at den som krev pensjon og/eller tillegg, har plikt til å gi dei opplysningane som er nødvendige for at Pensjonstrygda skal kunne vurdere om retten til ytinga er til stades.*

*Likeins blir det foreslått at den som mottar pensjon og/eller tillegg, må gi Pensjonstrygda melding om endringar i tilhøve som kan avgjere om retten til ytinga framleis er til stades, eller om ytinga har rett storleik.*

Det blir vist til § 22 i lovforslaget.

## 11.3 Iverksetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

---

Departementet foreslår at endringane trer i kraft 1. januar 2001.

Endringane får ikkje særlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

## 12 Lovtekniske justeringar

Det er ei rad paragrafar i lova om pensjonstrygd for sjømenn som er ledige etter tidlegare revisjonar av lova. Mellom anna er alle paragrafane i kapitla V og VI om barnepensjon og uførestønad oppheva.

Dei endringane som departementet no foreslår, vil lede til at enda fleire paragrafar blir oppheva. Departementet har derfor funne det høveleg med justeringar i lova slik at paragrafane kjem fortløpande, og nokre paragrafar som ikkje lenger blir nytta, blir oppheva. Reglar som framleis er nødvendige, fordi det i ein del år vil løpe pensjonar etter tidlegare reglar, kan takast med i eit kapitel med overgangsreglar (kapitel IX i lovforslaget). Dette gjeld mellom anna reglar om kapitalutløyising av små, fastlåste pensjonar (sjå forslaget til § 28 nr. 4).

Departementet foreslår såleis at dei gjeldande *kapitla IV Enkepensjon, V Barnepensjon, VI Uførestønad, VII Nedsetting og tap av pensjon og XI Anke* blir oppheva ved at andre kapitel i lova tar deira plass (t.o.m. kapitel X). Det blir vist til lovforslaget.

Etter § 38 kan Kongen gi reglar om at prøving av vedtak skal kunne avgrensast, og etter § 46 kan Kongen gi nærmare forskrifter til å gjennomføre lova. Det er i dag ikkje aktuelt å gi reglar etter § 38. Etter departementet sitt syn er det heller ikkje nødvendig med forskrifter til å gjennomføre lova. Der det trengst forskrifter, er det særskild heimel for dette. Departementet foreslår at §§ 38 og 46 blir oppheva, og viser til lovforslaget.

Det blir foreslått at endringane tek til å gjelde frå 1. januar 2001.

Endringane har ikkje økonomiske eller administrative konsekvensar.



## 13 Merknader til dei enkelte paragrafane i lovforslaget

### 13.1 Endringar i lov om pensjonstrygd for sjømenn

---

#### Til § 2

Paragrafen regulerer at styret kan bestemme at pensjonstrygda i særlege tilfelle kan ha eit vidare omfang enn etter § 1, og gir dessutan reglar om kven som er unntatt frå pensjonstrygda.

I *nytt nr. 3* skal yrkesgrupper innan offshore jf. § 1 nr. 2 bokstav a og nr. 4 bokstav b, etter dispensasjon frå departementet kunne bli unntatt frå pensjonstrygda for sjømenn med verknad for framtida. Ein overgangsregel er bestemt i § 4 nr. 1 andre ledd bokstav b.

Det blir vist til punkt 8.

#### Til § 3

Paragrafen regulerer kva som skal reknast for pensjonsgjevande fartstid.

Utgangspunktet etter nr. 1 første punktum er at det er fartstid det er betalt avgift for som skal reknast som pensjonsgjevande fartstid. Det blir her vist til punkt 13.3. Etter andre punktum kan styret i særlege tilfelle dispensere frå dette kravet.

Gjeldande nr. 1 bokstav a om høve til å medrekne vernepliktstid blir oppheva.

Det skal framleis vere høve til å rekne med slik tid for å komme opp i minstekravet for å få rett til pensjon (150 farts månader). Overgangsregelen blir lovfesta i § 4 nr. 1 andre ledd bokstav c. Sjå punkt 9.4.2.1.

Gjeldande nr. 1 bokstav b om medrekning av tid ein har arbeidd ved mekanisk verkstad blir oppheva. Sjå punkt 9.4.2.4.

Gjeldande nr. 1 bokstav c om tid der vedkommande har mottatt godtgjering som nemnd i § 1 nr. 3, blir *nytt andre ledd første punktum*. Ein heimel for styret i pensjonstrygda til å gi reglar om ei enklare utrekning av tid med ferie og fritid blir *nytt andre ledd andre punktum*. Det blir vist til punkt 9.4.2.3.

Gjeldande nr. 1 bokstav d og nr. 2 blir oppheva, fordi desse reglane ikkje lenger har nokon realitet. Dei som reglane i nr. 2 har omfatta, får i dag alderspensjon frå folketrygda.

#### Til § 4 nr. 1

Utgangspunktet i § 4 nr. 1 første ledd er at minst 150 pensjonsgjevande farts månader gir rett til alderspensjon.

Det generelle høvet etter samordningslova til å legge sammen tenestetid for å få rett til pensjon opphører når det gjeld Pensjonstrygda for sjømenn. Tilvisinga til samordningslova § 6 blir derfor tatt ut av *andre ledd første punktum*.

Etter andre ledd kan ein rekne med tid for å nå opp i minstekravet på 150 måneder:

Etter *andre ledd bokstav a* går det fram at høvet til å legge sammen tenestetid i pensjonstrygda held fram i høve til Pensjonstrygda for fiskarar. Minstekravet til fartstid i Pensjonstrygda for sjømenn blir her sett ned frå 36 månader (med høve til dispensasjon) til 12 månader.

I *bokstav a andre punktum* blir det bestemt at styret i Pensjonstrygda for sjømenn likevel får høve til å ta omsyn til oppteningstid i andre ordningar når oppteninga har skjedd på skip.

Av *andre ledd bokstav b* går det fram at oppteningstid i andre pensjonsordningar kan reknast med dersom arbeidstakaren er unntatt frå trygda etter § 2 nr. 3.

*Andre ledd bokstav c* bestemmer at vernepliktsteneste avslutta før 1981 kan reknast med i visse tilfelle.

*Tredje ledd* er tatt med av informasjonsomsyn. Det framgår at tid som nemnd i andre ledd, ikkje kan medreknast ved utrekning av alderspensjonen.

Gjeldande tredje ledd om fartstid under den andre verdskrigen blir oppheva, fordi det ikkje lenger har nokon realitet. Alle som denne regelen var aktuell for, har no alderspensjon frå folketrygda.

Det blir vist til punkt 9.4.2.

#### *Til § 4 nr. 3*

Regelen omhandlar kor lenge alderspensjonen løper.

Gjeldande regel om rett til alderspensjon inntil fem år før pensjonsalderen, når summen av arbeidstakaren sin alder og pensjonsgjevande fartstid er 80 år eller meir, blir oppheva. Det blir vist til punkt 9.4.5.

#### *Til § 5*

*Nr. 1 første ledd* gir pensjonssatsar for alderspensjonen, og der er det gjort mindre endringar på grunn av at gjeldande bokstav b blir oppheva.

Gjeldande nr. 1 bokstav b inneheld reglar om ein netto alderspensjon etter fylte 67 år med fastlåste satsar for fartstid før 1. januar 1967. For slik fartstid blir det også gitt pensjon før fylte 67 år til pensjonist som mottar «uførepensjon, foreløpig uførestønad, rehabiliteringspenger eller attføringspenger etter lov om folketrygd for hel uførhet eller full avtalefestet pensjon». Ordninga blir oppheva for nye pensjonstilfelle etter 1. januar 2001. Ein overgangsregel er regulert i § 28 nr. 1. Sjå punkt 9.4.3.

Gjeldande nr. 1 andre ledd om krigsfartstillegg blir oppheva. Reglane blir ført vidare i § 28 nr. 1 tredje ledd.

Gjeldande tredje ledd blir nytt andre ledd.

*Nr. 2* har reglar om at pensjonen skal reduserast når pensjonisten har gradert uførepensjon m.v.

*Nr. 3* er noko omskrive, fordi gjeldande nr. 1 bokstav b blir oppheva. Gjeldande nr. 4 om alderspensjon før pensjonsalderen blir oppheva. Sjå merkna-dene til § 4 nr. 3 og punkt 9.4.5.

*Til § 6*

Gjeldande § 6 omhandlar enkepensjon. Sidan reglane om fastlåste låge pensjonar for fartstid før 1967 blir oppheva, sjå merknadene til § 5 nr. 1, blir også kapitel IV om enkepensjon oppheva.

Paragrafen blir no flytta til kapitel III om alderspensjon og skal gi reglar om eit tillegg til pensjonen til pensjonistar som har pensjonsgjevande fartstid i minst 48 av dei siste 60 månadene før uttak av pensjon, tidlegast ved fylte 60 år. Det blir vist til punkt 7.

*Til kapitel IV overskrifta*

Kapitlet gjeld i dag overgangsordninga med enkepensjon etter fastlåste, låge satsar som blir foreslått oppheva, sjå nærmare omtale i punkt 9.4.3. Overskrifta blir endra, fordi reglar om utbetaling blir tatt inn her. Sjå punkt 12.

*Til § 7*

Paragrafen gir reglar om utbetaling av ytingar, mellom anna om etterbetaling, som ikkje blir gitt lenger enn tre år tilbake frå den månaden krav om ytinga blir sett fram.

Bortsett frå at reglar om kapitalutløysing av små, fastlåste pensjonar er tatt ut, svarar paragrafen til gjeldande § 41, med nokre språklege endringar. Regelen om at det ikkje gis renter ved etterbetaling, har fått eit eige nummer. Om kapitalutløysing blir det vist til merknadene til § 28 nr. 4. Sjå punkt 12.

*Til kapitel V overskrifta*

Kapitlet hadde tidlegare reglar om barnpensjon. Dei blei oppheva ved lov 29. januar 1993 nr. 27. Reglane om dekking av utgifter i gjeldande kapitel VIII blir tatt inn her, og overskrifta blir endra i samsvar med dette. Sjå punkt 12.

*Til § 8*

Paragrafen har reglar om korleis utgiftene skal dekkast, og om at trygda er garantert av staten. I høve til gjeldande § 26 er det ei mindre språkleg justering i første ledd, og tilvisingane til andre paragrafar er endra. Det er ingen endringar i høve til gjeldande rett. Sjå punkt 12.

*Til §§ 9-15*

Paragrafane har nærmare reglar om dekking av utgiftene. Dei inneheld ingen endringar i høve til dei gjeldande reglane i §§ 27-33, bortsett frå tilvisingar til andre paragrafar i §§ 11, 12, 13 og 15. I § 15 nr. 1 bokstav a er ordlyden dessutan forenkla i høve til gjeldande § 33. Sjå punkt 12.

*Til kapitel VI overskrifta*

Kapitlet hadde tidlegare reglar om uførestønad. Dei blei oppheva ved lov 29. januar 1993 nr. 27. Reglane om tilbakebetaling av avgift i gjeldande kapitel IX blir tatt inn her, og overskrifta blir endra i samsvar med dette. Sjå punkt 12.

*Til § 16*

Paragrafen er uendra i høve til gjeldande § 34, bortsett frå ei paragraftilvising i nr. 2. Sjå punkt 12.

*Til kapitel VII overskrifta*

Kapitlet har i dag reglar om nedsetjing og tap av pensjon, som dels skal opphevast (gjeldande § 22), dels skal flyttast og gis ei anna utforming (gjeldande § 24, sjå merknadene til §§ 23 og 24). Paragrafane 21, 23 og 25 er opphevd tidlegare, ved lover 29. januar 1993 nr. 27 og 2. juni 1979 nr. 40. Reglane om administrasjon i gjeldande kapitel X blir tatt inn her, og overskrifta blir endra i samsvar med dette. Sjå punkt 12.

*Til §§ 17-19*

Paragrafane har regler om trygda sin administrasjon. Dei inneheld ingen endringar i høve til dei gjeldande reglane i §§ 35-37. Sjå punkt 12.

*Til kapitel VIII overskrifta*

Kapitlet i gjeldande lov gjeld dekking av utgiftene, som no blir flytta til kapitel V. Kapitlet skal innehalde ymse reglar, i det vesentlege som i gjeldande kapitel XII, som fell bort. Overskrifta blir endra i samsvar med dette. Sjå punkt 12.

*Til §§ 20 og 21*

Paragrafane er uendra i høve til dei gjeldande §§ 40 og 42. Sjå punkt 12.

*Til § 22*

Gjeldande nr. 1 blir oppheva, fordi reglane om fastlåste småpensjonar og enkepensjon det blir vist til òg er oppheva.

Gjeldande nr. 2 blir oppheva, fordi denne regelen ikkje lenger har nokon realitet.

Paragrafen inneheld reglar om opplysningsplikta for den som krev eller mottar ytingar etter lova.

*Nr. 1* gjeld plikta til å gi nødvendige opplysningar for den som krev alderspensjon og/eller tillegg til alderspensjonen. Regelen er generell, men er særleg viktig i høve til det inntektsprøvde tillegget som blir innført i § 6.

*Nr. 2* gjeld informasjonsplikta ved endringar, og vil mellom anna gjelde dersom ein person som får tillegg etter § 6, får inntekt over to ganger grunnbeløpet i folketrygda. Sjå punkt 11.2.

*Til § 23*

Paragrafen inneber mellom anna at styret kan stanse saksbehandlinga dersom vedkommande mot betre vitende gir urette opplysningar eller held tilbake opplysningar. Samanlikn folketrygdlova § 21-7. Den gjeldande lova har i § 24 første ledd ein liknande regel for svikstilfella.

*Til § 24*

Paragrafen gjeld tilbakekreving av feilutbetalte ytingar, og vil komme i staden for ein avgrensa regel om tilbakekreving ved trekk i framtidig pensjon i gjeldande § 24 andre ledd.

*Nr. 1 og nr. 2* svarar til dei ordinære tilbakekrevingsreglane som gjeld i folketrygda (folketrygdlova § 22-15). I nr. 1 *siste punktum* er det bestemt at denne typen krav om tilbakebetaling kan trekkjast i framtidige ytingar, og at krava er tvangsgrunnlag for utlegg.

*Nr. 3* er laga etter døme av folketrygdlova § 22-16 om tilbakebetaling ved inntektsavhengige ytingar, der det som er utbetalt for mykje kan avreknast mot framtidige ytingar, utan at det er nødvendig å vurdere om ytinga er motteke i god tru. Regelen vil gjelde når ein pensjonist under 62 år har fått utbetalt pensjon sjølv om han har halde fram som sjømann. Regelen vil også gjelde der det er gitt eit tillegg etter ordninga som blir innført i § 6, sjølv om pensjonisten har hatt for høg inntekt. Det skal kunne trekkjast opp til 20 prosent av den månadlege pensjonen, inkludert eventuelt tillegg etter § 6, til summen er tilbakebetalt.

*Nr. 4* bestemmer at trekk etter nr. 1 og nr. 3 avbryt forelding etter lov om forelding av fordringar, og at verknaden av forelding held fram i eitt år etter at trekka er stansa. Sjå punkt 11.1.

*Til §§ 25 og 26*

Paragrafane er uendra i høve til gjeldande §§ 43 og 44. Sjå punkt 12.

*Til § 27*

Paragrafen er uendra i høve til gjeldande § 45 første ledd. Det andre leddet i § 45 gjeld ytingar som ikkje lenger blir gitt, og er ikkje tatt med. Sjå punkt 12.

*Til kapitel IX overskrifta*

I gjeldande lov inneheld kapitlet reglar om tilbakebetaling av avgift, sjå ovanfor under merknadene til kapitel VI. Kapitlet skal innehalde overgangsreglar og vil erstatte gjeldande kapitel XIII, som fell bort. Overskrifta blir endra i samsvar med dette. Sjå punkt 12.

*Til § 28*

Paragrafen gir overgangsreglar i høve til reglar som skal opphevast.

*Nr. 1* gjeld dei som er 67 år før 1. januar 2001, når endringane i lova skal tre i kraft. Desse pensjonistane skal framleis få rett til fastlåste pensjonar etter reglane som no blir oppheva. Likeins skal reglane om krigsfartstillegg først vidare. Dei fastlåste pensjonssatsane og satsane for krigsfartstillegg, som følger grunnbeløpet i folketrygda, blir gjengitt i nr. 1 andre og tredje ledd.

*Nr. 2* gjeld dei som har fått eller får uførepensjon frå folketrygda med verknad frå eit tidspunkt før 1. januar 2001. Tilsvarande overgangsreglar skal gjelde for desse pensjonistane, og dei små, fastlåste pensjonane skal også gis etter at desse pensjonistane er fylt 67 år.

*Nr. 3* gir tilsvarende overgangsreglar for små, fastlåste enkepensjonar når dødsfallet skjer før 1. januar 2001, og ved seinare dødsfall dersom den avdøde hadde krigsfartstillegg. I andre ledd blir pensjonsstattsane gjengitt.

I *nr. 4* blir det gitt reglar om kapitalutløsning av små, fastlåste pensjonar som vil løpe etter overgangsordninga. Reglane svarar til § 41 nr. 4 andre og tredje ledd i den gjeldande lova.

#### *Til § 29*

Paragrafen svarar til § 48 i den gjeldande lova som inneheld reglar om overgangstillegg for å kompensere for manglande opptening i folketrygda. Ordlyden er noko endra, fordi ein ikkje lenger vil gi nye små, fastlåste sjømannspensjonar.

*Nr. 1* svarar til den gjeldande § 48 nr. 1, og vil gjelde for dei som har pensjonsgjevande fartstid før folketrygda blei innført i 1967. Dei skal få eit overgangstillegg dersom ein ugradert alderspensjon frå folketrygda blir lågare enn det sjømannspensjonen var. Det er presisert at regelen ikkje skal gjelde for det nye tillegget etter § 6. Regelen i tredje ledd om at tillegget skal reduserast dersom pensjonen frå folketrygda aukar meir enn det som følgjer av ein auke av grunnbeløpet, er i samsvar med det som gjeld no etter ei forskrift.

*Nr. 2* svarar til gjeldande § 48 nr. 2. Regelen skal syte for at ein sjømannspensjonist ikkje går ned i yting dersom vedkomande får uførepensjon frå folketrygda. Tillegget som blir innført etter § 6, skal takast med ved samanlikninga.

Regelen i *nr. 3* svarar til gjeldande § 48 nr. 3 utan endringar. Sjå punkt 10.4.

#### *Til kapitel X overskrifta*

Kapitlet har i dag reglar om administrasjon, sjå ovanfor under merknadene til kapittel VII. Kapitlet vil erstatte gjeldande kapitel XIV, som fell bort. Overskrifta blir endra i samsvar med dette.

#### *Til § 30*

Paragrafen svarar til gjeldande § 49, med ei språkleg justering i andre ledd.

### **13.2 Endringar i lov 6. juli 1957 nr. 26 om samordning av pensjons- og trygdeytelser**

---

#### *Til § 6 nytt tredje ledd*

Det blir tatt inn eit nytt tredje ledd som presiserer at samordningslova sine reglar om høve til å legge sammen tenestetid, ikkje gjeld for Pensjonstrygda for sjømenn.

Samstundes blir det vist til lov om pensjonstrygd for sjømenn § 4 nr. 1 andre ledd bokstav a for å vise at tenestetid i Pensjonstrygda for sjømenn framleis skal leggjast sammen med tenestetid i Pensjonstrygda for fiskarar, sjå punkt 9.4.4.

**13.3 Endringer i lov 11. juni 1993 nr. 104 om endringer i lov 17. juni 1966 nr. 12 om folketrygd og i visse andre lover**

---

Til avsnitt IV femte ledd

Lov om pensjonstrygd for sjømenn § 3 nr. 1 om at det berre er fartsmånader det er betalt avgift for som skal reknast som pensjonsgjevande fartstid, blir for nye pensjonstilfelle gitt verknad for all fartstid etter 30. juni 1949. Det blir vist til punkt 9.4.2.2.

Sosial- og helsedepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringer i lov 3. desember 1948 nr. 7 om pensjonstrygd for sjømenn mv.

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringer i lov 3. desember 1948 nr. 7 om pensjonstrygd for sjømenn mv. i samsvar med eit framlagt forslag.

Tilråding frå Sosial- og helsedepartementet ligg ved.

---

## **Forslag til lov om endringer i lov 3. desember 1948 nr. 7 om pensjonstrygd for sjømenn mv.**

### I

I lov 3. desember 1948 nr. 7 om pensjonstrygd for sjømenn blir det gjort disse endringane:

§ 2 nytt nr. 3 skal lyde:

*Departementet kan unnta grupper av arbeidstakere på borefartøy og annen flyttbar innretning i sjøen som nevnt i § 1 nr. 2 bokstav a, jf. nr. 4 bokstav b, dersom arbeidstaker- og arbeidsgiverorganisasjonene er enige om dette. Arbeidstakerne må omfattes av annen pensjonsordning som departementet finner minst like god.*

§ 3 nr. 1 skal lyde:

Som pensjongivende fartstid (fartsmåneder) regnes tid som går inn under § 1, jf. § 2, og som det er betalt avgift for. Når styret finner det rimelig, kan tid som går inn under § 1, jf. § 2, i særlige tilfelle regnes som pensjongivende, selv om avgift ikke er betalt.

Sompensjongivende fartstid regnes også den tid vedkommende har mottatt godtgjøring som nevnt i § 1 nr. 3 før det ble innført avgiftsplikt for slik tid, eller har fått sykehusbehandling for sykdom inntruffet i pensjongivende tjeneste. Styret kan gi regler om forenklet beregning for tid det er utbetalt feriegodtgjøring og fritidskompensasjon før 1. oktober 1975, som det ikke er betalt avgift for.

§ 3 nr. 2 blir oppheva.

Gjeldande nr. 3 og nr. 4 blir nye nr. 2 og nr. 3.

§ 4 nr. 1 skal lyde:

Rett til alderspensjon har arbeidstaker som har minst 150 pensjongivende fartsmåneder.

*For å nå opp i minstekravet på 150 måneder, kan medregnes*

- a) opptjente premieuker etter lov 28. juni 1957 nr. 12 om pensjonstrygd for fiskere dersom arbeidstakeren har opptjent minst 12 pensjongivende fartsmåneder som nevnt i § 3. Styret kan i særlige tilfelle bestemme at tjenestetid i annen pensjonsordning opptjent på skip skal medregnes.*
- b) opptjeningstid i andre pensjonsordninger, dersom arbeidstakeren er unntatt fra trygden etter § 2 nr. 3. Styret gir nærmere regler.*
- c) vernepliktstjeneste avsluttet før 1981 dersom avtjeningen tok til innen seks*



*måneder etter utløpet av pensjongivende tidsrom eller maritim skolegang. Tid som nevnt i annet ledd, kan ikke medregnes ved utregning av alderspensjon etter denne lov.*

§ 4 nr. 3 skal lyde:

*Alderspensjon ytes til og med den kalendermåned pensjonisten fyller 67 år, eller til den kalendermåned pensjonisten får uførepensjon, foreløpig uførestønad, rehabiliteringspenger eller attføringspenger etter lov om folketrygd for hel uførhet eller full avtalefestet pensjon som omfattes av lov 6. juli 1957 nr. 26 om samordning av pensjons- og trygdeytelser § 1 nr. 1 første ledd bokstav d.*

§ 5 skal lyde:

1. Full årlig alderspensjon *utgjør* for fartstid som  
- overordnet 3,276 ganger grunnbeløpet i folketrygden, og som  
- underordnet 2,736 ganger grunnbeløpet når fartstiden er opptjent etter 30. april 1993, og 2,340 ganger grunnbeløpet når fartstiden er opptjent før 1. mai 1993.

Inndelingen svarer til gruppene for betaling av arbeidstakeravgift, se § 9.

Årspensjonen beregnes på grunnlag av antall pensjongivende farts måneder multiplisert med pensjonssatser for fartstid opptjent som overordnet og/eller underordnet. Satsene utgjør for

- overordnet 0,91 prosent av grunnbeløpet, og for

- underordnet 0,76 prosent av grunnbeløpet når fartstiden er opptjent etter 30. april 1993 og 0,65 prosent av grunnbeløpet når fartstiden er opptjent før 1. mai 1993.

*Månedssom arbeidstakeren oppbeholder pensjon for etter denne lov, regnes ikke med. Alderspensjonen regnes ikke for mer enn 360 farts måneder i alt. Har arbeidstakeren mer enn 360 farts måneder, regnes pensjonen på grunnlag av de måneder som gir størst pensjon.*

2. For pensjonist som har uførepensjon, foreløpig uførestønad, rehabiliteringspenger eller attføringspenger etter lov om folketrygd for mindre enn hel uførhet eller gradert avtalefestet pensjon som omfattes av lov 6. juli 1957 nr. 26 om samordning av pensjons- og trygdeytelser § 1 nr. 1 første ledd bokstav d, bortfaller en forholdsmessig del av alderspensjonen som svarer til uføregraden eller pensjonsgraden.

3. For pensjonist som forsørger barn under 18 år, ytes et barnetillegg med 10 prosent av alderspensjonen for hvert barn.

§ 6 blir flytta til kapittel III og skal lyde:

*Det gis et tillegg til pensjonen til pensjonist som har minst 48 pensjongivende farts måneder i løpet av de siste 60 månedene før den måned pensjonen tas ut (virkningstidspunktet). Det gis ikke tillegg dersom vedkommende har en årlig pensjongivende inntekt, jf. folketrygdloven § 3-15, over to ganger folketrygdens grunnbeløp. Styret kan gi nærmere regler om gjennomføringen.*

*Tillegget utgjør*

*-a) 20 prosent av pensjonen for personer født i et av årene 1934-42,*

- b) 17 prosent av pensjonen for personer født i et av årene 1943-45,
- c) 14 prosent av pensjonen for personer født i et av årene 1946-48,
- d) 11 prosent av pensjonen for personer født i et av årene 1949-51,
- e) 8 prosent av pensjonen for personer født i et av årene 1952-54, og
- d) 5 prosent av pensjonen for personer født i et av årene 1955-59.

Overskrifta til kapitel IV blir endra til: Kapittel IV. Utbetaling.

§ 7 skal lyde:

- 1. Ytelser etter kapitel III i denne loven løper fra og med kalendermåneden etter den kalendermåned retten til ytelsen inntreer.
- 2. Opphører retten til ytelsen, løper den ut kalendermåneden. Ved dødsfall løper den fastsatte nettoytelsen ut måneden etter vedkommendes død.
- 3. Ytelsen gis ikke for lenger tid tilbake enn tre år før den kalendermåned da kravet ble satt fram.
- 4. Bestemmelsen i nr. 3 gjelder ikke dersom vedkommende tidligere har satt fram krav om ytelsen, og dette kravet helt eller delvis er avslått ved feil fra pensjonstrygdens organer eller som følge av ufullstendige eller misvisende opplysninger fra noen annen enn pensjonisten, og som vedkommende selv ikke har gitt foranledning til. I slike tilfelle skal etterbetaling skje fra det tidspunktet ytelsen skulle ha vært gitt hvis kravet var blitt godtatt første gang det ble satt fram.
- 5. Trygden gir ikke renter ved etterbetaling av ytelser.
- 6. Ytelsen utbetales etterskuddsvis hver måned. Terminbeløp avrundes til nærmeste hele krone.
- 7. Ytelsen utbetales til den berettigede, men kan, når særlige grunner tilsier det, utbetales til andre enn den berettigede.

Overskrifta til kapitel V blir endra til: Kapittel V. Dekning av utgiftene.

§ 8 skal lyde:

Utgiftene til ytelser etter denne loven og til trygdens administrasjon dekkes ved:

- a) avgift på arbeidstakere, jf. § 9,
- b) avgift på redere, jf. § 11,
- c) tilskott fra trygdens fond, jf. § 14,
- d) tilskott fra staten, jf. § 15.

Trygden er garantert av staten.

Gjeldande §§ 27 og 28 blir nye respektive §§ 9 og 10.

Gjeldande § 29 blir ny § 11. I første ledd andre punktum skal «§ 27» endrast til «§ 9».

Gjeldande § 30 blir ny § 12. I andre ledd skal «§§ 27 og 29, jfr. § 28» endrast til «§§ 9 og 11, jf. § 10»

Gjeldande § 31 blir ny § 13. I andre punktum skal «jfr. § 26» endrast til «jf. § 8».

Gjeldande § 32 blir ny § 14.

Gjeldande § 33 blir ny § 15, og bokstav a skal lyde:

- a) krigsfartstilletget, se § 28.

Overskrifta i kapitel VI blir endra til: Kapittel VI. Tilbakebetaling av avgift.

Gjeldande § 34 blir ny § 16. I nr. 2 skal «§ 5 nr. 1 bokstav a» endrast til «§ 5 nr. 1».

Overskrifta i kapitel VII blir endra til: Kapittel VII. Administrasjon.

Gjeldande §§ 35, 36 og 37 blir nye respektive §§ 17, 18 og 19.

Overskrifta i kapitel VIII blir endra til: Kapittel VIII. Forskjellige regler.

Gjeldande §§ 40 og 42 blir nye respektive §§ 20 og 21.

§ 22 skal lyde:

*1. Den som krever alderspensjon og/eller tillegg til alderspensjon, plikter å gi de opplysninger som er nødvendige for at Pensjonstrygden for sjømenn skal kunne vurdere om vedkommende har rett til ytelsen. 2. Den som mottar alderspensjon med eventuelle tillegg, plikter å underrette Pensjonstrygden for sjømenn om endringer i forhold som kan være avgjørende for om vedkommende har rett til ytelse eller for størrelsen av ytelsen.*

§ 23 skal lyde:

*Styret kan avslå et krav om pensjon og/eller tillegg og holde tilbake eller stanse en innvilget ytelse helt eller delvis dersom vedkommende*  
*–a) mot bedre vitende gir uriktige opplysninger, eller*  
*–b) holder tilbake opplysninger som er viktige for rettigheter eller plikter etter denne loven.*

§ 24 skal lyde:

*1. Dersom en pensjonist har mottatt ytelser etter denne loven i strid med redelighet og god tro, kan beløpet kreves tilbakebetalt. Feil utbetalt ytelse kan også kreves tilbake når pensjonisten eller noen som har handlet på pensjonistens vegne, uaktsomt har gitt feilaktige eller mangelfulle opplysninger. Det samme gjelder dersom utbetalingen skyldes feil fra Pensjonstrygden for sjømenn og mottakeren burde ha forstått dette. Beløpet kan dekkes ved trekk i framtidige ytelser. Krav om tilbakebetaling er tvangsgrunnlag for utlegg.*

*2. I andre tilfeller enn nevnt i nr. 1, kan det som er utbetalt for mye, kreves tilbake dersom særlige grunner gjør det rimelig. Ved vurderingen av om det foreligger særlige grunner, skal det blant annet legges vekt på hvor lang tid det er gått siden den feilaktige utbetalingen fant sted, og om vedkommende har innrettet seg i tillit til utbetalingen. Kravet om tilbakebetaling etter dette nummeret er begrenset til det beløp som er i behold når vedkommende blir kjent med at utbetalingen var feilaktig.*

*3. Når en alderspensjon eller tillegg til alderspensjon som er nevnt i andre ledd er feil utbetalt, skal det som er utbetalt for mye avregnes ved trekk i framtidig pensjon etter denne loven.*

*Avregningsordningen gjelder for*

*–a) alderspensjon som er utbetalt i strid med vilkårene i § 4 nr. 4, til arbeidstakere som ikke er fylt 62 år.*

*–b) tillegg til alderspensjon etter § 6 som er utbetalt til pensjonister med en pensjonsgivende inntekt over to ganger folketrygdens grunnbeløp.*

*Det som er utbetalt for mye, skal avregnes med opp til 20 prosent av den månedlige ytelsen.*

4. Trekk etter nr. 1 og nr. 3 avbryter foreldelse etter lov 18. mai 1979 nr. 18 om foreldelse av fordringer. Dersom slikt trekk opphører, varer virkningen av avbrutt foreldelse i ett år etter at trekket opphørte.

Gjeldande §§ 43 og 44 blir nye respektive §§ 25 og 26.

§ 27 skal lyde:

*Rettigheter etter denne lov kan endres, innskrenkes eller oppheves ved senere lov.*

Overskrifta i kapitel IX blir endra til: Kapitel IX. Overgangsregler.

§ 28 skal lyde:

1. Den som er fylt 67 år før 1. januar 2001, har rett til alderspensjon etter fylte 67 år etter bestemmelsene i denne loven som gjaldt før denne datoen, herunder alderspensjon etter fastlåste pensjonssatser og krigsfartstillegg for farts måneder mellom 1. september 1939 og 31. desember 1945.

*De fastlåste pensjonssatsene for årlig alderspensjon er kr 17,00 for hver farts måned som underordnet og kr 29,00 for hver farts måned som overordnet.*

*Krigsfartstillegget er årlig 0,87 prosent av grunnbeløpet i folketrygden for hver farts måned som underordnet og 1,22 prosent av grunnbeløpet for hver farts måned som overordnet.*

2. Den som er innvilget eller innvilges uførepensjon, foreløpig uførestønad, rehabiliteringspenger eller attføringspenger fra folketrygden eller avtalefestet pensjon som omfattes av samordningsloven § 1 nr. 1 første ledd bokstav d med virkning fra et tidspunkt før 1. januar 2001, har rett til alderspensjon etter bestemmelsene i denne loven som gjaldt før denne datoen, herunder pensjon etter satser som nevnt i nr. 1. Pensjonen ytes etter de tidligere bestemmelsene også etter at pensjonisten er fylt 67 år.

3. Ved dødsfall som fant sted før 1. januar 2001, ytes det enkepensjon og overgangsstønad etter fastlåste pensjonssatser etter reglene som gjaldt før denne datoen. Det samme gjelder ved senere dødsfall dersom avdøde ved dødsfallet hadde rett til krigsfartstillegg.

*De fastlåste pensjonssatsene for årlig enkepensjon er kr 5,00 for hver farts måned som underordnet og kr 12,00 for hver farts måned som overordnet. Krigsfartstillegget er 60 prosent av tillegget etter nr. 1 tredje ledd.*

4. Alderspensjon, enkepensjon og overgangsstønad som ytes etter fastlåste pensjonssatser, jf. nr. 1 - 3, utløses med kapitalverdien, hvis

–a) årspensjonen er mindre enn et beløp som svarer til 4 prosent av folketrygdens grunnbeløp og

–b) det ikke ytes krigsfartstillegg, eller foretas samordning med personskadepensjon.

*Styret gir nærmere regler om kapitalutløsningen.*

§ 29 skal lyde:

1. Dersom en alderspensjonist som har opptjent pensjonsgivende fartstid før 1. januar 1967, får en ugradert alderspensjon fra folketrygden som er mindre enn det alderspensjonen fra pensjonstrygden for sjømenn var før fylte 67 år, skal det gis et overgangstillegg fra pensjonstrygden som tilsvarer forskjellen.

*Bestemmelsen i første ledd gjelder ikke nedgang i pensjon som skyldes manglende trygdetid i folketrygden, eller at barnetillegg eller tillegg etter § 6 i denne loven faller bort.*

*Dersom pensjonen fra folketrygden øker utover det som skyldes at grunnbeløpet forhøyes, reduseres overgangstillegget med det overskytende.*

*2. Til en pensjonist som får uførepensjon, foreløpig uførestønad, rehabiliteringspenger eller attføringspenger fra folketrygden, eller avtalefestet pensjon som omfattes av samordningsloven § 1 nr. 1 første ledd bokstav d, som er mindre enn det alderspensjon etter denne loven ville utgjøre hvis han ikke hadde hatt slik ytelse fra folketrygden eller avtalefestet pensjon, gis det et overgangstillegg som tilsvarende forskjellen. Ved sammenligningen medregnes et eventuelt tillegg etter § 6 i denne loven.*

*3. For å hindre at alderspensjonist får redusert sine samlede pensjonsytelser, herunder også fra pensjonsordning utenfor Norge, kan pensjonstrygden for sjømenn, når særlige forhold tilsier det, etter søknad yte tillegg til alderspensjonist som får nedsatt eller ingen pensjon fra folketrygden.*

*Tillegget kan reguleres dersom Pensjonstrygden for sjømenn finner at nye opplysninger eller endrede forhold tilsier det.*

Overskrifta til kapitel X blir endra til: Kapitel X. Lovens ikrafttreden.

§ 30 skal lyde:

*Denne lov trer i kraft straks.*

*Rett til pensjon og plikt til å betale avgift inntreer ikke før 1. juli 1949.*

*Gjeldande § 38 blir oppheva.*

*Overskriftene i kapitel XI og kapitel XII blir oppheva.*

*Gjeldande §§ 41, 45 og 46 blir oppheva.*

*Overskrifta i kapitel XIII blir oppheva.*

*Gjeldande § 48 blir oppheva.*

*Overskrifta i kapitel XIV blir oppheva.*

*Gjeldande § 49 blir oppheva.*

## II

I lov 6. juli 1957 nr. 26 om samordning av pensjons- og trygdeytelser skal § 6 nytt tredje ledd lyde:

*Denne paragrafen gjelder ikke for Pensjonstrygden for sjømenn, se likevel lov 3. desember 1948 nr. 7 om pensjonstrygd for sjømenn § 4 nr. 1 andre ledd bokstav a.*

## III

I lov 11. juni 1993 nr. 104 om endringer i lov 17. juni 1966 nr. 12 om folketrygd og i visse andre lover skal avsnitt IV femte ledd lyde:

Endringen i lov om pensjonstrygd for sjømenn § 3 nr. 1 første ledd trer i kraft 1. juli 1993. *For krav framsatt etter 1. januar 2001 får bestemmelsen virkning for all trygdepliktig fartstid etter 30. juni 1949.*

IV

Lova tek til å gjelde 1. januar 2001.

